

NOREGS OFFISIELLE STATISTIKK XI. 127.



JORDBRUKSSTATISTIKK 1952

Agricultural statistics 1952

UTGJEVEN AV
STATISTISK SENTRALBYRÅ

Published by
The Central Bureau of Statistics of Norway

OSLO
I KOMMISJON HOS H. ASCHEHOUG & CO.
1953

Pris kr. 3,00 + oms.avgift.

Norges Offisielle Statistikk, rekke XI.
(Official Statistics of Norway, series XI.)

Rekke XI.

Trykt 1951.

- Nr. 63. Fortegnelse over Norges Offisielle Statistikk 1828—1950. (*Catalogue de la Statistique Officielle.*)
— 64. Norges industri 1949. (*Statistique industrielle.*)
— 65. Statistisk Sentralbyrå gjennom 75 år. (*Bureau Central de Statistique du Royaume de Norvège 1876—1951.*)
— 66. Alkoholstatistikk 1949—1950. (*Statistique de l'alcool.*)
— 67. Ulykkestrygden for industriarbeidere m. v. 1948. (*Assurances de l'Etat contre les accidents pour les ouvriers industriels etc.*)
— 68. Norges postverk 1950. (*Statistique postale.*)
— 69. Jordbruksstatistikk 1950. (*Superficies agricoles et élevage du bétail. Récoltes etc.*)
— 70. Fiskeritelling 1. oktober 1948. II. Fiskefarkoster og tilvirkieranlegg. (*Recensement des pêches maritimes le 1. octobre 1948. II. Embarcations et fabriques de préparations.*)
— 71. Jordbruksstillingen i Norge 20. juni 1949. II. Eiendomsforholdene, arbeidsstyrken m. v. (*Recensement du 20 juin 1949. II. Conditions de propriété, nombre d'ouvriers etc.*)
— 72. Skattestatistikken 1949—50. (*Répartition d'impôts.*)
— 73. Norske skip i utenrikssfart 1946—1948. (*Navigation extérieure de la marine marchande norvégienne.*)
— 74. Fagskolestatistikk 1947/48—1949/50. (*Ecoles professionnelles.*)
— 75. Dodelighetstabeller 1931/32—1940/41 og 1945—48. (*Tables de mortalité.*)
— 76. Sinnssykehusenes virksamhet 1949. (*Statistique des hospices d'aliénés.*)
— 77. Ulykkestrygden for sjømenn 1946—48. Ulykkestrygden for fiskere 1947—48. (*Assurances de l'Etat contre les accidents des marins. Assurances de l'Etat contre les accidents des marins pêcheurs etc.*)
— 78. Konjunkturene i mellomkrigstiden. Norge og utlandet. (*Inter-War Trade Cycles. Norway in Relation to Other Countries.*)
— 79. Skogavirkning 1946/47—1948/49. (*Bois abattu.*)
— 80. Statistisk årbok 1951. (*Annuaire statistique de la Norvège.*)
— 81. Norges fiskerier 1949. (*Les pêcheries norvégiennes.*)
— 82. Norges kommunale finanser 1946/47 og 1947/48. (*Finances des communes.*)
— 83. Norges elektrisitetsverker 1946—1948. (*Usines d'électricité.*)
-

Rekke XI.

Trykt 1952.

- Nr. 84. Økonomisk utsyn over året 1951. (*Aperçu de la situation économique.*)
— 85. Trafikkulykker 1949. (*Accidents de circulation.*)
— 86. Norges fiskerier 1950. (*Les pêcheries norvégiennes.*)
— 87. Jordbruksstillingen i Norge 20. juni 1949. III. De naturlige jordbruksområder. (*Recensement du 20 juin 1949. III. Les régions agricoles.*)
— 88. Sunnhetstilstanden og medisinalforholdene 1949. (*Rapport sur l'état sanitaire et médical.*)
— 89. Folkemengdens bevegelse 1949. (*Mouvement de la population.*)
— 90. Norges jernbaner 1948—49. (*Chemins de fer norvégiens.*)
— 91. Forsikringsselskaper 1950. (*Sociétés d'assurances.*)
— 92. Lønnsstatistikk 1950. (*Statistique sur les salaires.*)
— 93. Telegrafverket 1950—51. (*Télégraphes et téléphones de l'Etat.*)

N O R E G S O F F I S I E L L E S T A T I S T I K K X I . 1 2 7 .



JORDBRUKSSTATISTIKK 1952

Agricultural statistics 1952

UTGJEVEN AV
STATISTISK SENTRALBYRÅ

Published by
The Central Bureau of Statistics of Norway

OSLO
I KOMMISJON HOS H. ASCHEHOUG & CO.
1953

Innhold.

	Side
Føreord	5
Det statistiske materialet	7
Areala	9
Open åker og hage i prosent av samla areal dyrka jord ved dei einskilde bruk	13
Maskinar og reiskapar	19
Jordskifte	20
Avlinga, jordbruket og hagebruket	20
Bruken av kunstgjødsel, kraftfør og A.I.V.-væske	20
Husdyrhaldet	36
Fjøskontrollen	36
Husdyrprodukta	31
Arbeidsstyrken i jordbruket	48
Lønene i jordbruket	44
Prisar på landbruksprodukt, produksjonsmiddel m. m.	68
 <i>Tabellar.</i>	
Tabell 1. Jordbruksarealet i 1952. Dekar	72
» 2. Husdyrhaldet pr. 20. juni 1952	74
» 3. Avlinga i jordbruket 1952	76
» 4. Avlinga i hagebruket 1952	84
» 5. Jordskifte 1859—1951	85
» 6. Oppgåver frå fjøskontrollaga 1905—1951	81
» 7. Lønsteljing 1952	86
» 8. Lønene i jordbruket. Menn	88
» 9. Lønene i jordbruket. Kvinner	90
» 10. Lønene i jordbruket 1952/53, jamført med 1951/52 og 1938/39	92
 <i>Vedlegg.</i>	
Rundskriv og skjema	93

Contents.

	Page
Preface	5
The statistical material	7
Area	9
Per cent of cultivated area used for grains, potatoes, rootcrops a.s.o.	13
Machinery and equipments	19
Redistribution of intermixed holdings	20
Crop, agriculture and horticulture	20
Use of commercial fertilizer, concentrated feeds, A.I.V.-solution	26
Number of domestic animals	30
Dairy accounting units	36
Livestock products	38
Working staff in agriculture	44
Wages in agriculture	48
Prices for agricultural products, producer goods etc.	61

Tables.

Table 1. Agricultural area in 1952. Decares	72
» 2. Number of domestic animals, June 20th 1952	74
» 3. Agricultural production in 1952	76
» 4. Horticultural production in 1952	81
» 5. Redistribution of intermixed holdings	84
» 6. Dairy accounting units	85
» 7. Census of wages, June 20th 1952	86
» 8. Wages in agriculture. Men	88
» 9. Wages in agriculture. Women	90
» 10. Wages in agriculture 1952/53 compared with 1951/52 and 1938/39	92

Appendices.

Circulars and questionaries	93
-----------------------------------	----

Føreord.

Dette heftet inneholder resultata frå ei representativ jordbrukssteljing pr. 20. juni 1952. I Statistiske Meldinger 1952, nr. 12 gav Byrået ei førebels melding om desse resultata. Omfram oppgåver over areal og husdyrhald vart det også henta inn oppgåver over arbeidsstyrken i jordbruket og individuelle oppgåver over løna til fast leigehjelp. I dette heftet vil ein elles finna oppgåver over avkastninga i jord- og hagebruket, prisar på produkt og produksjonsmiddel m. m. Ein finn også eit oversyn over verksemda til jordskifteverket og fjøsrekneskaps-laga.

I 1949 var det fullstendig jordbrukssteljing. Då vart det henta inn ein heil del oppgåver som ein ikkje har med ved dei årlege teljingar. Oppgåvene frå 1949-teljinga er prenta i tre tabellhefte. Dessutan er det eit fjerde hefte med oversyn over alle teljingsresultata samanlikna med tidlegare oppgåver.

Statistisk Sentralbyrå, Oslo 2. april 1953.

Petter Jakob Bjerve.

Paul Barca.

Det statistiske materialet.

Den representative teljinga i 1952 er gjennomført på same måte som i åra 1946—1948 og i 1950 og 1951. Teljinga skulle femna over ca. 10 pct. av bruken med over 5 dekar jordbruksareal. Alle herad og bruksklassar var representerte i høve til talet på bruk, men med tilfelleleg utval innan kvar bruksklasse.

Den fullstendige jordbrukssteljinga i 1939 låg til grunn for utvalet av representative bruk i 1946—1948. For 1950 og dei seinare år er det teljinga i 1949 som ligg til grunn. Sjå elles «Jordbruksstatistikk 1950».

Utrekningane for 1952 byggjer på oppgåver frå 22 612 bruk. Dette er 10.59 pct. av alle bruken over 5 dekar. Desse bruken hadde i alt 1 090 487 dekar jordbruksareal. Det svarar til 10.62 pct. av jordbruksarealet ved alle bruk over 5 dekar.

På grunnlag av dei prosentvise brigde i areal og husdyrhald frå 1949 til 1952, ved dei bruk som er med i teljinga, har ein rekna ut arealet og talet på husdyr i dei einskilde fylke. Jeløy er rekna saman med bygdene i Østfold, og Aker er rekna med i Akershus.

Skjema og rettleiing for teljinga er prenta som vedlegg attarst i boka.

Årlege representative teljingar har ein hatt sidan 1923. Innan dette tidsrommet har det vori tre fullstendige teljingar — i 1929, 1939 og 1949. Dei åra det var fullstendige teljingar har ein ikkje hatt representative teljingar. Det har difor aldri vori høve til direkte å samanlikna resultata frå ei representativ teljing og ei fullstendig teljing frå same året. (For husdyrhaldet vart det gjort ein etterrøknad i 1926. Materialet som ligg til grunn for dette arbeidet er svært lite. Sjå Statsøkonomisk Tidsskrift 1927, nr. 4—5.) Ein har berre hatt høve til å samanlikna resultata frå to år som fylgjer etter kvarandre. Det kan t. d. gjelda den representative teljinga i 1928 og den fullstendige teljinga i 1929, eller representativ teljing i 1938 og fullstendig teljing i 1939. Ei slik samanlikning kan berre bli ei vurdering som i stor mon må byggja på skyn. Ein veit ikkje noko om kor stor part av skilnaden frå det eine året til det andre som er verkelege brigde eller kor mykje som skriv seg frå eventuell misvising i resultata frå den representative teljinga. Både i 1929 og i 1939 var skilnaden mellom den fullstendige teljinga og den representative teljinga året før større enn det ein skulle venta etter berre eitt år. Det var på arealoppgåvene ein merka dette mest. Frå og med 1946 blir desse oppgåvene henta inn etter ein annan metode. Sjå meir om dette i «Jordbruksstatistikk 1946» (N.O.S. X. 148).

På grunnlag av den fullstendige teljinga i 1949 har ein gjort ein del kontrollutrekningar for å sjå korleis den nye metoden verkar.

Frå oppgåvene til teljinga i 1949 har ein teki ut dei same bruken som var med i den representative teljinga i 1948. Med desse bruken som grunnlag har ein så rekna seg fram til dei tal ein ville få ved ei representativ teljing i 1949. Utrekninga har gått for seg heilt på same måten som ved dei vanlege representative teljingar. Resultata har ein så jamført med den fullstendige teljinga i 1949.

Talrekjkjene på neste side syner kor mykje dei tala ein har rekna seg fram til på denne måten, skil seg ut frå oppgåvene etter den fullstendige teljinga — i prosent.

Areala.		Husdyrhaldet.
Haustkveite	÷ 15.3	
Vårkveite	+ 2.6	
Haustrug	÷ 2.5	Hestar {
Vårrug	+ 4.1	under 1 år ÷ 1.3 1 og 2 år ÷ 0.8 3 og 4 år + 3.6 5—16 år + 1.1 over 16 år + 3.0 i alt + 3.0
Bygg	+ 4.0	
Havre	+ 0.6	
Blandkorn	+ 7.0	
Erter	+ 12.2	Storfe {
Korn og erter i alt	+ 2.0	under 1 år ÷ 1.1 oksr { 1—2 år + 2.5 over 2 år + 0.6
Gronfør	+ 0.6	kviger + 1.9
Potet	+ 3.5	kyr + 0.3
Fôrnepe	+ 3.5	i alt + 0.3
Kålrot	+ 7.8	
Fôrbete	+ 4.9	Sauer {
Fôrmegkål	+ 5.0	under 1 år + 0.2 over 1 år ÷ 0.8 i alt ÷ 0.3
Kål	+ 9.7	
Gulrot	÷ 7.2	
Jordbær	+ 18.1	Geiter {
Bringebær	+ 18.1	under 1 år + 9.8 over 1 år + 2.5 i alt + 4.5
Andre vokstrar på åker og i hage	÷ 6.6	
Brakk	+ 7.9	
I alt åker og hage	+ 2.0	
Eng til slått {	på dyrka jord + 0.5 på natureng ÷ 4.1 på sæterlykkjer ÷ 0.8 på utslætter ÷ 3.6	Svin {
Eng til beite {	kultur- { på dyrka jord .. + 4.8 beite { på udyrka jord. + 2.5 anna { på dyrka jord .. + 7.9 eng til beite { på udyrka jord ÷ 2.6	under 4 mndr. ÷ 0.8 over { slaktesvin ÷ 1.8 4 { ale- { rånar ... + 31.6 mndr. { svin { purker .. + 2.2 i alt ÷ 0.5
I alt jordbruksareal	+ 0.6	Høns {
		vaksne ÷ 2.1 kjuklingar + 0.3

Ein legg merke til at det er betre samsvar når det gjeld dyretala enn for arealtala, men avvika ligg for det meste innanfor grensa +, ÷ 5 pct. Berre for fem av teljingsobjekta er det meir enn 10 pct. avvik. Det gjeld haustkveite, erter, jordbær, bringebær og rånar. Her er dei absolutte tala små. Totaltala for heile landet var under 5 000 for erter og rånar og mellom 5 000 og 10 000 for haustkveite, jordbær og bringebær. For dei einskilde fylke er avvika, rekna i prosent, heller store i sume høve. Også her er det slik at dei absolutte tala oftast er små der avviket er relativt stort. I mange fylke vil totaltala (areal- eller husdyrtala) for fleire eller færre teljingsobjekt vera så små at ein ikkje kan venta å få fullgode resultat ved ei representativ teljing. I slike høve må ein difor sjå fylkestala meir som eit uttrykk for storleiksgraden enn for det absolute talet. Som døme kan ein nemna talet på geiter i Østfold, Akershus og Vestfold, og arealet av haustkveite, haust- og vårrug og erter i dei einskilde fylke.

Ein har også gjort ei utrekning som gjev ein viss kontroll av resultata frå den representative teljinga i 1948. På grunnlag av det same utvalet av bruk har ein rekna seg tilbake til 1948 frå den fullstendige teljinga i 1949. (Dei opphavlege tala for 1948 er rekna ut på grunnlag av 1939-teljinga.) Også etter denne utrekninga var det stort sett mykje godt samsvar, når ein ser heile landet under eitt.

Ved samanlikning av tala frå den representative teljinga i 1948 og den fullstendige teljinga i 1949 legg ein serleg merke til nedgangen i potetarealet og auken i talet på sau, svin og høns. I serleg grad legg ein merke til den sterke auken frå 1948 til 1949 i tala for svin og høns. Ein finn heilt tilsvaranande brigde i talmaterialet frå det representative utvalet. Dei representative teljingane, slik som dei no blir sett i verk, skulle såleis gje brukande resultat når det gjeld ålm̄ent utbreidde teljingsobjekt.

Areala.

Tabellen nedanfor viser kor stort åker- og hagearealet var i åra 1945—1952 og i 1939.

	Korn og erter	Poteter	Rot- vokstrar	Grøn- saker	Annan åker og hage	Åker og hage i alt
a) Dekar.						
1939.....	1 836 741	506 927	225 434	52 787	323 779	2 945 668
1945.....	1 843 576	646 333	250 360	71 615	293 484	3 105 368
1946.....	1 704 527	623 853	199 006		401 708	2 929 094
1947.....	1 501 036	568 589	175 561		424 710	2 669 896
1948.....	1 496 493	648 830	171 844		384 945	2 702 112
1949.....	1 520 089	582 410	154 379	43 012	401 123	2 701 013
1950.....	1 567 693	589 605	166 080	47 572	346 808	2 717 758
1951.....	1 613 629	585 166	165 797	52 526	365 395	2 782 513
1952.....	1 688 710	579 473	164 783	62 328	361 894	2 857 188
b) Relative tal. 1939 = 100.						
1939.....	100.0	100.0	100.0		100.0	100.0
1945.....	100.4	127.5	111.1		97.0	105.4
1946.....	92.8	123.1	88.3		106.7	99.4
1947.....	81.7	112.2	77.9		112.8	90.6
1948.....	81.5	128.0	76.2		102.2	91.7
1949.....	82.8	114.9	68.5		117.9	91.7
1950.....	85.4	116.3	73.7		104.7	92.3
1951.....	87.9	115.4	73.5		111.0	94.5
1952.....	91.9	114.3	73.1		112.7	97.0

For åra 1940—1944 viser ein til tidlegare utgåver.

I tabellen nedanfor finn ein meir detaljerte oppgåver for åra 1952, 1951 og 1949.

	Arealet i dekar			Brigde 1951–52		Brigde 1949–52		
	1952	1951	1949	I dekar	I pct.	I dekar	I pct.	
Haustkveite	4 751	5 104	7 133	÷ 353	÷ 6.9	÷ 2 382	÷ 33.4	
Vårkveite	200 569	237 562	301 142	÷ 36 993	÷ 15.6	÷ 100 573	÷ 33.4	
Haustrug	2 792	2 670	5 634	+ 122	+ 4.6	+ 2 842	+ 50.4	
Vårrug	2 449	3 716	4 264	÷ 1 267	÷ 34.1	+ 1 815	+ 42.6	
Bygg	640 279	546 546	399 563	+ 93 733	+ 17.2	+ 240 716	+ 60.2	
Havre	801 565	774 161	758 499	+ 27 404	+ 3.5	+ 43 066	+ 5.7	
Blandkorn	32 732	38 614	38 982	÷ 5 882	÷ 15.2	+ 6 250	÷ 16.0	
Erter	3 573	5 256	4 872	÷ 1 683	÷ 32.0	+ 1 299	÷ 26.7	
Korn og erter i alt ...	1 688 710	1 613 629	1 520 089	+ 75 081	+ 4.7	+ 168 621	+ 11.1	
Grønfôr	118 728	129 820	163 607	÷ 11 092	÷ 8.5	+ 44 879	÷ 27.4	
Potet	579 473	585 166	582 410	÷ 5 693	÷ 1.0	+ 2 937	÷ 0.5	
Fôrnepe	43 224	48 874	47 453	÷ 5 650	÷ 11.6	+ 4 229	+ 8.9	
Kårlot	78 922	75 535	71 802	+ 3 387	+ 4.5	+ 7 120	+ 9.9	
Fôrbete	26 390	26 920	23 861	÷ 530	÷ 2.0	+ 2 529	+ 10.6	
Fôrmergkål	16 247	14 468	11 263	+ 1 779	+ 12.3	+ 4 984	+ 44.3	
Grønsaker	62 328	52 526	43 012	+ 9 802	+ 18.7	+ 19 316	+ 44.9	
Andre vokstrar på åker og i hage ¹⁾	213 013	206 307	199 338	+ 6 706	+ 3.3	+ 13 675	+ 6.9	
Brakk	30 153	29 268	38 178	+ 885	+ 3.0	÷ 8 025	÷ 21.0	
I alt åker og hage ...	2 857 188	2 782 513	2 701 013	+ 74 675	+ 2.7	+ 156 175	+ 5.8	
Eng til slått {	Eng på dyrka jord	4 721 889	4 753 003	4 864 775	÷ 31 114	÷ 0.7	÷ 142 886	÷ 2.9
	Natureng på innmark ...	985 079	1 002 663	1 097 301	÷ 17 584	÷ 1.8	÷ 112 222	÷ 10.2
	Sæterlykkjer	127 035	134 316	153 033	÷ 7 281	÷ 5.4	÷ 25 998	÷ 17.0
	Utslætter ...	134 551	154 182	225 430	÷ 19 631	÷ 12.7	÷ 90 879	÷ 40.3
Eng til beite {	på dyrka jord	340 405	343 480	298 487	÷ 3 075	÷ 0.9	+ 41 918	+ 14.0
	på natureng.	380 773	379 925	362 137	+ 848	+ 0.2	+ 18 636	+ 5.1
Kultur beite {	på dyrka jord	280 254	277 201	258 997	+ 3 053	+ 1.1	+ 21 257	+ 8.2
	på overflate-dyrka jord .	540 733	563 770	494 458	÷ 23 037	÷ 4.1	+ 46 275	+ 9.4
I alt jordbruksareal ..	10 367 907	10 391 053	10 455 631	÷ 23 146	÷ 0.2	÷ 87 724	÷ 0.8	
Av dette: Dyrka jord	8 199 736	8 156 197	8 123 272	+ 43 539	+ 0.5	+ 76 464	+ 0.9	
Innmark ..	10 106 321	10 102 555	10 077 168	+ 3 766	-	+ 29 153	+ 0.3	

1) Jordbær og bringebær rekna med.

Tabell 1 bak i boka viser arealet i 1952 fylkesvis for dei einskilde vokstrar.

Kornarealet i 1952 var ca. 75 000 dekar større enn i 1951. Det var auke i arealet også i åra 1949—1951, slik at samla areal korn og erter til mogning var bortimot 170 000 dekar større i 1952 enn i 1949.

I Hedmark var kornarealet vel 18 pct. større enn i 1949. I Vestfold var det ca. 15 pct. og i Sør-Trøndelag ca. 14 pct. større. Elles var det auke også i Østfold, Akershus, Oppland, Buskerud, Rogaland og Nord-Trøndelag. Sterkast nedgang var det i Hordaland, Sogn og Fjordane og Troms, med bortimot 40 pct. reduksjon. Innan mange fylke var det elles stor skilnad mellom dei ymse fylkesluter. I dei bygdene i Hedmark som før høyrd til Hedmark futedøme var det ein auke på ca. 22 pct. sidan 1949. I Nord-Østerdal futedøme var det berre vel 2 pct. auke. I Toten futedøme i Oppland var det 22 pct. auke, men i Valdres futedøme ca. 6 pct. nedgang. Rakkestad futedøme i Østfold synte ca. 21

pct. auke, resten av fylket ca. 8 pct. I Buskerud hadde futedøma Buskerud og Ringerike vel 14 pct. auke, medan det var 16 pct. nedgang i Hallingdal.

Kveitearealet har gått tilbake med ca. 37 000 dekar siste året. I høve til 1949 var det redusert med 1/3. I Oppland og fylka i Trøndelag var kveitearealet større enn året før, men i høve til 1949 var det berre dei to fylka i Trøndelag som synte auke. Arealet til rug, blandkorn og erter til mogning er relativt sterkt redusert. Utviklinga ymsar frå fylke til fylke, men det er i det heile små areal som blir nyitta til desse vokstrane. Byggarealet var ca. 94 000 dekar større enn i 1951. Det var meir enn 240 000 dekar større enn i 1949. Dette svarar til ein auke på 60 pct. I Vestfold, der byggarealet var heller lite i 1949, er det ein auke på meir enn 400 pct. Byggarealet har elles auka med meir enn 100 pct. i Østfold, Hedmark, Buskerud, Telemark og dei to fylka i Agder. I høve til 1951 var det auke i alle fylka på Austlandet, i Agder, Rogaland og Trøndelag. Havrearealet auka siste året med godt 27 000 dekar. Med unnatak av Hedmark og Telemark var det auke i alle fylka på Austlandet. Litt auke var det også i Vest-Agder og Sogn og Fjordane.

Kornarealet har auka sterkest ved dei større bruk. For alle bruk under eitt var arealet 11.1 pct. større i 1952 enn i 1949. For bruk med over 100 dekar jordbruksareal var det ein auke på 18,2 pct., men for dei mindre bruk berre 1.7 pct. Ein bør elles vera merksam på at vi finn dei fleste større bruk nettopp i dei strok der kornarealet har auka mest — på Austlandet og i Trøndelag. I desse landslutene har arealet auka både ved større og mindre bruk, men sterkest ved bruk over 100 dekar.

Fylgjande tal syner brigda i kornarealet frå 1949 til 1952 ved bruk med over og inntil 100 dekar jordbruksareal, fylkesvis for dei landsluter der det er mest korndyrking (Austlandet og Trøndelag).

	Ved bruk med	
	over 100 dekar	inntil 100 dekar
Østfold	+ 17.1 pet.	+ 3.3 pct.
Akershus.....	+ 15.3 »	+ 4.8 »
Hedmark	+ 25.4 »	+ 7.6 »
Oppland	+ 17.6 »	+ 2.8 »
Buskerud	+ 23.8 »	- 2.4 »
Vestfold	+ 16.7 »	+ 5.0 »
Telemark	+ 1.1 »	- 3.5 »
Sør-Trøndelag	+ 20.7 »	+ 8.0 »
Nord-Trøndelag	+ 18.1 »	+ 4.9 »

Skilnaden mellom bruk av ymse storleik er sers tydeleg i dei fleste av desse fylka. I dei andre landslutene finn ein ikkje same samsvaret mellom bruksstorleik og korndyrking.

Potetarealet var litt mindre enn året før. I nokre fylke var det noko oppgang, mest i Nord-Trøndelag og Nord-Noreg. Nedgangen var størst, 7,5 pct., i Buskerud. I Østfold og Akershus var det 4—5 pct. nedgang. Elles var det ikkje noko fylke som hadde så mykje som 3 pct. nedgang.

Samla areal til rotvokstrar var om lag som i 1951. Rett nok var fôrnepe- og forbetearealet noko mindre i 1952, men arealet til kålrot og fôrmergkål hadde auka.

Grønsakarealet auka med 10 000 dekar eller 18.7 pct. siste året. Det var bortimot 20 000 dekar større enn i 1949. Berre i to fylke, Oppland og Troms, var arealet litt mindre i 1952 enn i 1951. I Østfold, Vestfold, Vest-Agder, Rogaland, Sør-Trøndelag og Finnmark var det meir enn 30 pct. auke.

Samla areal åker og hage var ca. 75 000 dekar større enn i 1951. Heile auken skriv seg frå kornarealet.

34.8 pet. av den dyrka jorda var open åker og hage i 1952. Tilsvarande prosent i 1949 var 33.3. Sjå bolken «Open åker og hage i prosent av samla areal dyrka jord ved dei einskilde bruk».

Engarealet til slått har framleis gått litt tilbake. Nedgangen er relativt sterkest for utslätter og sæterlykkjer. Beiteareala på innmark var litt mindre enn året før. Samla jordbruksareal var også litt mindre enn i 1951, men nedgangen var ikkje så stor som reduksjonen av utslätter og sæterlykkjer. Samla areal dyrka jord hadde auka noko.

Tabellen nedanfor viser brigda fylkesvis for korn og erter i alt, poteter, rotvokstrar, annan åker og hage og åker og hage i alt.

	Korn og arter	Poteter	Rot- vokstrar	Annan åker og hage	Åker og hage i alt
a) Relative tal. 1949 = 100.					
Østfold	111.9	94.7	108.0	88.3	106.7
Akershus	112.8	93.8	104.1	83.4	105.1
Hedmark	118.4	92.5	94.5	77.2	106.5
Oppland.....	109.9	97.4	75.8	84.9	103.1
Buskerud	110.3	92.3	104.4	107.7	106.9
Vestfold	114.7	99.8	102.4	94.9	108.2
Telemark	99.1	99.0	112.6	97.5	99.5
Aust-Agder	91.4	103.2	127.8	111.3	102.2
Vest-Agder	80.5	101.8	155.0	102.6	96.5
Rogaland	103.7	99.0	125.9	127.8	109.1
Hordaland	60.7	102.3	134.0	112.3	103.5
Sogn og Fjordane	61.7	104.2	151.1	122.3	105.8
Møre og Romsdal	97.0	107.0	132.3	109.4	105.8
Sør-Trøndelag	114.2	105.8	97.4	88.8	108.7
Nord-Trøndelag	113.1	109.5	101.1	84.0	109.2
Nordland	95.3	103.9	79.0	91.8	97.6
Troms	64.3	108.3	98.1	102.9	104.8
Finnmark	50.0	91.7	51.7	73.1	78.3
Bygdene i alt.....	111.1	99.5	106.7	95.5	105.8

b) Relative tal. 1951 = 100.					
Østfold	106.4	95.3	99.2	96.3	103.4
Akershus	107.3	95.9	101.5	93.9	103.6
Hedmark	105.7	99.5	98.8	97.3	103.4
Oppland.....	107.4	100.6	102.7	96.3	104.6
Buskerud	106.1	92.5	94.6	101.4	102.8
Vestfold	103.2	101.2	99.8	98.8	102.1
Telemark	95.5	96.5	90.5	96.6	95.6
Aust-Agder	97.3	101.0	99.6	104.3	100.6
Vest-Agder	105.2	97.5	115.6	106.9	103.6
Rogaland	98.9	97.2	101.8	115.4	101.4
Hordaland	77.6	101.7	110.2	100.9	99.7
Sogn og Fjordane	88.8	101.4	118.6	111.9	105.1
Møre og Romsdal	93.1	99.4	102.4	108.2	99.6
Sør-Trøndelag	103.9	98.8	90.7	125.0	103.7
Nord-Trøndelag	103.7	103.0	97.1	93.9	102.4
Nordland	88.5	100.7	91.9	110.4	101.9
Troms	54.5	102.4	91.1	102.8	101.1
Finnmark	-	103.6	75.0	80.1	86.7
Bygdene i alt.....	104.7	99.0	99.4	101.5	102.7

Fylgjande oppgåver frå Landbruksdepartementet viser kor store areal som vart *nydyrka* (fulldyrka) og *overflatedyrka*, og kor mykje tidlegare dyrka jord som vart *grøfta* ved hjelp av tilskot og lån i åra 1945—1951.

	Fulldyrka	Overflate-dyrka	Grøfting av tidlegare dyrka jord
1945	Dekar	Dekar	Dekar
1945	23 693	9 982	26 534
1946	27 269	11 794	24 992
1947	28 330	16 090	17 494
1948	31 136	18 639	17 757
1949	32 732	19 403	17 915
1950	34 831	27 597	19 626
1951	30 823	26 637	15 217

Tabellen nedanfor viser tala fylkesvis for åra 1950 og 1951.

	Fulldyrka		Overflatedyrka		Grøfting av tidlegare dyrka jord	
	1950	1951	1950	1951	1950	1951
Ostfold	Dekar	Dekar	Dekar	Dekar	Dekar	Dekar
Ostfold	118.4	113.1	116.6	59.3	4 714.5	2 872.0
Akershus.....	366.0	488.3	64.1	31.0	464.1	347.7
Hedmark	5 861.0	4 570.6	698.3	857.2	1 288.5	1 130.7
Oppland	3 196.0	2 325.1	1 954.9	1 767.8	899.4	704.3
Buskerud	800.2	632.2	846.3	606.2	546.8	322.0
Vestfold	105.4	74.3	131.7	186.0	2 621.7	2 014.0
Telemark	648.5	401.4	2 384.6	1 196.0	933.7	558.2
Aust-Agder.....	412.3	318.0	338.5	300.3	532.8	483.9
Vest-Agder	906.3	668.9	1 754.4	1 106.1	428.6	455.4
Rogaland	1 319.9	1 090.2	3 250.5	3 372.8	635.7	483.4
Hordaland	1 650.9	1 216.8	2 768.5	2 828.3	351.5	326.5
Sogn og Fjordane .	1 826.9	1 689.0	3 984.2	4 150.6	283.7	210.1
Møre og Romsdal .	2 668.1	2 368.4	3 972.2	4 009.7	1 005.7	772.3
Sør-Trøndelag	2 131.8	2 000.9	1 336.2	1 421.2	1 116.4	1 343.9
Nord-Trøndelag ..	1 665.0	1 973.0	1 152.8	1 379.8	1 887.7	1 516.3
Nordland	5 234.6	4 037.8	2 072.6	2 272.7	1 398.5	1 085.7
Troms	3 776.2	4 454.9	719.5	1 033.0	428.9	465.7
Finnmark	2 143.6	2 399.7	51.2	58.7	87.5	125.2
Bygdene i alt	34 831.1	30 822.6	27 597.1	26 636.7	19 625.7	15 217.3

Open åker og hage i prosent av samla areal dyrka jord ved dei einskilde bruk.

Oppgåvene til den fullstendige jordbrukssteljinga i 1949 viste at 33.3 pct. av den dyrka jorda vart nytta til open åker og hage. Det var stor skilnad mellom dei ymse fylke, jordbruksområde og bruksklassar.

Når ein skal døma om dei tala ein legg fram her, må ein vera merksam på at dei naturlege vilkår ymsar sterkt frå stad til stad. Driftsforma må i stor mon retta seg etter dette. Terrenget kan setja visse grenser for åkerprosenten, t. d. der det er mykje brattlendt jord. Nedbøren kan verka på same viset. I

dette oversynet kjem ein ikkje inn på korleis åkerarealet blir nytta. Dessutan veit vi at bruken og utnyttinga av den jorda som ikkje er open åker (slåtteng og beite) kan ymsa mykje. Ein kan såleis ikkje utan vidare rekna stor åkerprosent som eit uttrykk for sterk drift.

For fylka skifte det mellom 45 pct. open åker og hage i Hedmark og Oppland og 10 pct. i Finnmark. Innan jordbruksområda var grensene 52.7 pct. i silurbygdene på Austlandet og 11.7 pct. i fjord- og dalbygdene i Nord-Noreg. For bruk av ymse storleik skifte det mellom 46.3 pct. ved bruka mellom 500 og 1000 dekar og 25.2 pct. for bruksklassen 20.1—35 dekar.

Ein viser elles til fjerde hefte av Jordbrukssteljinga 1949, side 129 o.flg. Der har ein komi nærmere inn på tilhøvet mellom arealet til open åker og hage og samla areal dyrka jord.

Medeltala dekkjer over store variasjonar. For lettare å kunna vurdera dei oppgåvane som medeltala byggjer på, har ein delt bruka på grupper etter open åker og hage i prosent av dyrka jord (åkerprosenten).

Dette arbeidet byggjer på teljingsoppgåvene i 1949. I alt 48 791 bruk med over 5 dekar jordbruksareal er tekne med. Dette svarar til 22.9 pct. av alle bruk med over 5 dekar. 48 315 av desse bruka hadde dyrka jord.

Alle bruk over 5 dekar i 158 herad er tekne med i etterrøknaden. Desse herada vart valde ut med tanke på å få så jamn representasjon som mogleg i høve til brukstalet i kvart einskilt fylke og jordbruksområde, og for bruk av ymse storleik.

For dei einskilde bruksklassar, i heile landet under eitt, var 22—25 pct. av bruka med i utvalet. Berre bruk med over 1 000 dekar, som det er svært få av, var noko sterkare representert.

Tabellen på side 16-17 syner korleis bruka spreier seg etter åkerprosent i dei einskilde fylke og jordbruksområde. Siste rubrikken i tabellen syner åkerprosenten som medeltal for alle bruk. Dette medeltalet femner også over bruka med inntil 5 dekar. Dersom ein held desse bruka utanfor, svarar åkerarealet til 32.5 pct. av det dyrka arealet, når ein ser heile landet under eitt.

Bruka med 10.1—20 pct. open åker var talrikast. 21.0 pct. av alle bruka over 5 dekar kom i denne gruppa. Så fylgde gruppa 20.1—30 pct. med 17.3 pct. av bruka. Deretter kom gruppene inntil 10 pct. og 30.1—40 pct. Det fall 15.8 pct. av bruka på kvar av desse gruppene. Med aukande åkerprosent minka brukstalet. Berre 0.5 pct. av bruka kom i gruppa 80.1—90 pct. åker. Det var fleire bruk. 3.3 pct., i gruppa 90.1—100 pct. åker. Ein del bruk har lite dyrka jord, medan resten av jordbruksarealet er natureng på innmark, sæterlykkjer eller utslätter. Det dyrka arealet er så lite at det heile blir nytta til open åker — først og fremst til poteter. Det er dette som i første rekkje er årsaka til dei relativt store tala i gruppa 90.1—100 pct. i Nord-Noreg. I andre strok, t. d. i Østfold, er det mest små bruk der heile jordbruksarealet blir nytta til åkervokstrar, frukttre og bærbuskar, som kjem i denne gruppa.

2.9 pct. av dei bruka som hadde dyrka jord, var utan åker.

På Austlandet var det flest bruk — 23.3 pct. av alle — i gruppa 40.1—50 pct. open åker. Gruppa 30.1—40 pct. var mest like talrik. Det var relativt få bruk med mindre enn 20 pct. open åker på Austlandet. Derimot var det ein mykje større del av bruka som hadde mellom 50 og 90 pct. åker på Austlandet enn i dei andre landslutene. I silurbygdene på Austlandet hadde bortimot 1/4 av bruka 50.1—60 pct. åker. Ved vel 16 pct. av bruka vart 60.1—70 pct. av den dyrka jorda nytta til åker — i silurbygdene i Oppland og Hedmark heile 23—24 pct.

Den gruppa som femner over bruk med 10.1—20 pct. open åker, var den talrikaste på Vestlandet (ca. 1/3 av bruka) og i Agder (vel 1/4 av bruka). I «andre ytre bygder» på Vestlandet kom 36.6 pct. av bruka i denne gruppa. I dal- og fjellbygdene i Agder var 38.9 pct. av bruka å finna i denne gruppa — i dal og

fjellbygdene i Vest-Agder heile 46 pct. Skiferlandskapa ved Boknfjorden og slettelandet på Jæren skil seg sterkt ut frå dei andre områda på Vestlandet. Innan desse to områda var det flest bruk i gruppa 30.1—40 pct., og brukstalet i dei høgre gruppene var relativt sett mykje større enn på Vestlandet elles.

I Trøndelag var det bruk med 20.1—30 pct. open åker som var mest vanleg — vel 1/4 av bruken. Gruppa 30.1—40 pct. var elles om lag like talrik. Desse to gruppene — 20.1—40 pct. — hadde til saman over halvparten av bruken i Trøndelag. Det var elles stor skilnad mellom dei to fylka i Trøndelag. Dette ser ein klårt av følgjande tal, som syner kor mange prosent av bruken i kvart fylke som fall på dei einskilde gruppene mellom 10 og 50 pct.

	Med 10.1—20 pct. open åker	Med 20.1—30 pct. open åker	Med 30.1—40 pct. open åker	Med 40.1—50 pct. open åker
Sør-Trøndelag	25.1	33.6	19.1	5.1
Nord-Trøndelag	10.1	19.7	29.8	24.3

Serleg stor var skilnaden innan bygdene ved Trondheimsfjorden. Innan den delen av dette området som ligg i Sør-Trøndelag, hadde ca. 57 pct. av bruken mellom 10 og 30 pct. open åker. I det tilsvarende området i Nord-Trøndelag var det berre ca. 13 pct. av bruken som hadde 10.1—30 pct. åker, medan vel 70 pct. hadde mellom 30 og 50 pct.

I Nord-Noreg var det bruken med inntil 10 pct. åker som var talrikast. 38.5 pct. av alle bruken over 5 dekar kom i denne gruppa. Deretter kom gruppa 10.1—20 pct., som femnde over 30.4 pct. av bruken. Berre knapt 1/4 av bruken i Nord-Noreg nytta meir enn 20 pct. av den dyrka jorda til åker.

Spreiinga etter åkerprosent er nokolunde den same i Nordland og Troms. Finnmark skil seg sterkt ut frå desse fylka. I Finnmark var over 40 pct. av bruken utan open åker — i øybygdene nærmere 80 pct.

Ein finn visse serdrag når ein ser på tala for dei fire grupper av jordbruksområde. I dei beste jordbruksbygder var det flest bruk i gruppa 40.1—50 pct. åker. Deretter kom gruppa 30.1—40 pct. åker. Desse to gruppene saman representerte om lag halvdelen av alle bruk. Knapt 1/5 av bruken hadde lægre åkerprosent og bortimot 1/3 hadde meir enn 50 pct. åker.

I mellom- eller skogbygdene var det gruppa 30.1—40 pct. som var den største. Om lag 1/4 av bruken kom dit. Vel 20 pct. fall på kvar av gruppene 20.1—30 og 40.1—50 pct. I alt var det altså ca. 2/3 av bruken som hadde mellom 20 og 50 pct. åker.

Både i kystbygdene og dei indre bygder var det flest bruk i gruppa 10.1—20 pct. Så fylgde bruken med inntil 10 pct. og dei med 20.1—30 pct. åker. 3/4 av bruken i kystbygdene og vel 2/3 av bruken i dei indre bygder hadde inntil 30 pct. åker. Dei indre bygder hadde relativt fleire bruk enn kystbygdene med åkerprosent over 30, men dei hadde også fleire som var heilt utan åker og hage.

Tabellen på side 18—19 viser spreiinga etter åkerprosent ved bruk av ymse storleik.

Det var relativt flest bruk utan åker mellom dei minste brukna. Prosenten går ned frå klasse til klasse etter som bruksstorleiken aukar. Slik er det også når det gjeld bruk med 90.1—100 pct. åker.

Talet på bruk med over 5 dekar jordbruksareal delt, prosentvis,

	Utan open åker og hage- areal	Med inntil 10 pet.	10.1–20 pet.	20.1–30 pet.
Bygdene i alt	2.9	15.8	21.0	17.3
<i>Bygdene fylkesvis:</i>				
Østfold	1.0	1.8	3.3	9.3
Akershus	0.7	1.4	2.7	11.9
Hedmark	1.3	3.0	9.6	12.7
Oppland	1.4	2.1	6.6	14.0
Buskerud	1.4	3.5	12.0	21.3
Vestfold	0.2	1.5	3.0	8.8
Telemark	3.9	11.0	24.2	28.5
Aust-Agder	2.6	10.4	22.3	27.2
Vest-Agder	4.3	18.1	29.5	22.6
Rogaland	1.5	7.6	18.8	26.1
Hordaland	2.2	28.0	37.1	15.6
Sogn og Fjordane	1.8	25.3	37.5	18.0
Møre og Romsdal	2.2	22.7	33.5	23.6
Sør-Trøndelag	1.9	10.0	25.1	33.6
Nord-Trøndelag	2.0	3.7	10.1	19.7
Nordland	2.5	39.8	33.2	9.6
Troms	4.9	42.3	32.6	8.7
Finnmark	40.9	20.3	9.1	7.3
<i>Jordbruksområda:</i>				
I. Dei sør austlege slettebygder	0.6	1.5	3.0	9.0
II. Silurbygdene inne i landet	0.5	1.1	3.6	8.5
III. Mellom- eller skogbygder	1.4	2.5	8.2	19.2
IV. Dal- og fjellbygder	3.2	8.2	20.7	22.3
I alt Austlandet med Telemark	1.4	3.2	8.5	14.9
V. Kystbygder	3.4	12.1	19.4	21.7
VI. Mellom- eller skogbygder	3.5	13.5	29.9	30.6
VII. Dal- og fjellbygder	4.2	25.3	38.9	19.7
I alt Agder	3.6	14.9	26.5	24.5
VIII. Skiferlandskapa ved Boknfjorden	—	3.0	8.9	27.2
IX. Slettelandet på Jæren	0.7	3.5	10.9	21.6
X. Andre ytre bygder	1.9	24.7	36.6	20.4
XI. Indre bygder	2.5	21.6	31.8	20.5
I alt Vestlandet	2.0	21.4	32.2	20.6
XII. Kystbygder	1.6	7.8	21.9	23.8
XIII. Ytre fjordbygder	1.4	7.6	20.5	36.2
XIV. Bygder ved Trondheimsfjorden	0.4	2.2	9.4	18.5
XV. Dal- og fjellbygder	5.7	17.0	31.1	30.8
XVI. Andre indre bygder	1.7	4.6	15.6	38.8
I alt Trøndelag	1.9	7.0	17.8	26.8
XVII. Øyer	6.5	33.4	28.7	9.0
XVIII. Kystbygder	4.5	42.1	33.4	8.5
XIX. Fjord- og dalbygder	10.1	43.3	27.5	8.7
XX. Innlandsbygder	10.4	32.2	37.5	12.3
I alt Nord-Noreg	7.4	38.5	30.4	9.1
1. Dei beste jordbruksbygder	0.6	1.7	5.0	12.0
2. Mellom- eller skogbygder	1.8	4.6	12.2	21.3
3. Kystbygder	3.3	26.2	31.4	17.2
4. Indre bygder	4.9	21.5	27.6	20.1

etter open åker og hageareal i pct. av dyrka jord.

30,1–40 pct.	40,1–50 pct.	50,1–60 pct.	60,1–70 pct.	70,1–80 pct.	80,1–90 pct.	90,1–100 pct.	Bruk i alt med dyrka jord	Open åker og hage i pct. av dyrka j. Alle bruk
15.8	12.6	6.4	3.1	1.3	0.5	3.3	100.0	33.3
20.7	27.6	16.4	8.7	4.9	1.7	4.6	100.0	40.0
29.4	32.8	13.2	3.8	1.2	0.6	2.3	100.0	43.2
16.6	22.2	18.6	10.0	2.9	1.3	1.8	100.0	45.2
19.1	21.5	16.6	10.8	4.0	1.4	2.5	100.0	45.4
27.6	19.6	6.8	2.4	1.4	0.6	3.4	100.0	39.2
21.4	30.1	16.3	10.2	3.9	0.8	3.8	100.0	42.1
19.1	8.8	2.2	0.7	0.3	—	1.3	100.0	29.4
18.6	10.3	5.5	1.5	0.7	0.2	0.7	100.0	28.2
15.3	6.0	1.6	0.8	0.4	0.3	1.1	100.0	21.6
24.2	13.3	4.4	1.4	0.5	0.4	1.8	100.0	34.8
6.8	3.3	2.3	0.9	0.6	0.5	2.7	100.0	18.3
6.6	4.0	2.0	0.6	0.6	0.1	3.5	100.0	17.6
12.0	3.6	0.7	0.5	0.1	—	1.1	100.0	21.0
19.1	5.1	1.6	0.8	0.6	0.1	2.1	100.0	25.4
29.8	24.3	7.1	1.5	0.5	0.2	1.1	100.0	35.8
4.1	1.5	0.4	0.3	0.1	—	8.5	100.0	13.0
3.1	1.3	0.6	0.3	0.3	—	5.9	100.0	11.1
4.3	1.9	1.2	1.1	0.2	0.2	13.5	100.0	10.0
22.9	31.0	15.9	7.5	3.3	1.2	4.1	100.0	42.3
15.2	21.2	22.5	16.2	5.2	2.1	3.9	100.0	52.7
26.4	23.5	11.6	4.2	1.3	0.5	1.2	100.0	38.7
18.5	13.4	6.5	3.4	1.6	0.5	1.7	100.0	31.0
21.8	23.2	13.6	7.0	2.7	1.0	2.7	100.0	41.9
21.4	11.7	5.8	1.9	0.8	0.6	1.2	100.0	28.2
15.1	5.0	1.0	0.5	0.4	—	0.5	100.0	22.3
6.9	2.6	0.6	0.2	0.4	—	1.2	100.0	18.9
16.7	7.8	3.2	1.1	0.6	0.2	0.9	100.0	24.5
35.6	13.5	4.7	3.8	0.4	0.8	2.1	100.0	35.5
28.5	21.6	7.3	2.1	0.8	0.7	2.3	100.0	41.1
9.4	3.5	1.0	0.3	0.2	—	2.0	100.0	18.3
10.8	5.1	3.0	1.0	0.7	0.4	2.6	100.0	22.5
12.1	5.7	2.3	0.8	0.4	0.3	2.2	100.0	23.8
21.5	10.1	5.0	1.5	1.3	—	5.5	100.0	25.7
25.2	5.9	1.2	0.7	—	0.3	1.0	100.0	28.2
29.3	27.6	8.2	1.9	0.7	0.2	1.6	100.0	36.0
12.5	1.7	0.5	0.4	0.2	0.1	—	100.0	18.2
28.7	8.5	1.5	0.2	0.1	0.1	0.2	100.0	30.0
24.2	14.4	4.3	1.1	0.6	0.2	1.7	100.0	30.7
4.8	2.1	0.8	0.3	0.3	—	14.1	100.0	12.4
3.5	1.2	0.3	0.4	—	—	6.1	100.0	12.1
2.9	1.2	0.7	0.5	0.1	—	5.0	100.0	11.7
3.6	1.0	0.2	0.3	—	0.2	2.3	100.0	12.8
3.8	1.5	0.6	0.4	0.1	—	8.2	100.0	12.2
22.8	26.8	15.3	8.1	3.1	1.2	3.4	100.0	43.3
24.4	20.1	9.7	3.4	1.1	0.3	1.1	100.0	36.7
10.1	4.1	1.6	0.6	0.3	0.1	5.1	100.0	19.0
12.0	6.2	2.9	1.4	0.7	0.3	2.4	100.0	23.3

Talet på bruk med over 5 dekar jordbruksareal delt, prosentvis,

			Utan open åker og hage- areal	Med inntil 10 pct.	10.1–20 pct.	20.1–30 pct.
Klasse	3.	5.1– 10 dekar	7.7	15.4	21.1	14.0
"	4.	10.1– 20 "	4.6	20.2	22.7	15.7
"	5.	20.1– 35 "	2.7	19.5	24.1	17.9
"	6.	35.1– 50 "	1.6	16.3	23.3	19.4
"	7.	50.1– 75 "	1.0	14.1	21.9	20.1
"	8.	75.1– 100 "	0.4	9.1	18.0	18.9
"	9.	100.1– 200 "	0.3	4.4	10.5	17.5
"	10.	200.1– 500 "	0.2	0.9	2.3	9.6
"	11.	500.1–1000 "	1.2	—	4.7	8.1
"	12.	Over 1000 "	—	—	7.7	—
		I alt	2.9	15.8	21.0	17.3

I alle bruksklassane med inntil 75 dekar jordbruksareal var det gruppa med 10.1—20 pct. åker som var den største (1/5—1/4 av bruka). Deretter fylgde gruppene 20.1—30, inntil 10 og 30.1—40 pct. Gruppa inntil 10 pct. vart relativt mindre, gruppene mellom 20 og 40 pct. relativt større, med aukande bruksstorleik.

I bruksklassane 8 og 9 (75.1—200 dekar) var gruppa med 30.1—40 pct. åker den største — om lag 1/4 av bruka. Det var likevel ein heller stor skilnad mellom dei to bruksklassane. Om lag 46 pct. av bruka mellom 75 og 100 dekar hadde inntil 30 pct. åker, medan ca. 31 pct. hadde over 40 pct. åker. For bruka mellom 100 og 200 dekar var tala i same rekjkjefylge ca. 33 og ca. 42 pct.

For bruka over 200 dekar var det gruppa 40.1—50 pct. åker som var den talrikaste. Av bruka mellom 200 og 1000 dekar kom om lag 1/3 i denne gruppa, av bruka over 1000 dekar 46 pct. Bruka over 200 dekar var i større mon enn dei mindre bruk, samla i få grupper. Dei aller fleste bruka over 200 dekar hadde mellom 30 og 60 pct. open åker. I klasse 10 (200.1—500 dekar jordbruksareal) kom 77 pct. av bruka i desse gruppene, i klasse 11 (500.1—1000 dekar) 78 pct. og i klasse 12 (bruks med over 1000 dekar) 85 pct.

Stort sett kan ein seia at spreiinga etter åkerprosent er sterkest ved dei minste bruka. Etter som bruksstorleiken aukar blir spreiinga mindre sterkt.

etter open åker og hageareal i pct. av dyrka jord.

30.1–40 pct.	40.1–50 pct.	50.1–60 pct.	60.1–70 pct.	70.1–80 pct.	80.1–90 pct.	90.1–100 pct.	Bruk i alt med dyrka jord	Open åker og hage i pct. av dyrka j. Alle bruk
11.6	8.8	4.7	3.5	1.8	1.1	10.3	100.0	29.8
11.7	9.1	5.5	3.0	1.4	0.5	5.6	100.0	25.9
14.0	10.0	5.2	2.3	1.2	0.3	2.8	100.0	25.2
17.0	11.8	5.7	2.3	0.9	0.3	1.4	100.0	26.8
17.2	13.3	7.0	3.2	1.1	0.4	0.7	100.0	28.6
22.2	19.1	7.8	3.3	0.8	0.1	0.3	100.0	31.8
25.5	23.8	11.3	4.8	1.2	0.3	0.4	100.0	37.0
27.3	32.6	16.9	8.1	1.4	0.5	0.2	100.0	42.1
22.1	34.9	20.9	4.7	3.4	—	—	100.0	46.3
15.4	46.2	23.0	7.7	—	—	—	100.0	45.9
15.8	12.6	6.4	3.1	1.3	0.5	3.3	100.0	33.3

Maskinar og reiskapar.

Til vanleg er det berre ved dei 10-årlege fullstendige teljingar ein samlar inn oppgåver over maskinar og reiskapar ved bruken. (Sjå publikasjonane frå Jordbrukssteljinga 1949.)

Tabellen nedanfor viser innførsla av sume landbruksmaskinar i kvart av åra 1945—1952.

	Separat- torar	Slåmaskinar og sjølv- bindarar	Traktorar	Treskjeverk
1945.....	4 050	3 687	101	402
1946.....	6 561	3 128	672	381
1947.....	4 316	2 873	1 476	398
1948.....	2 239	2 243	2 242	491
1949.....	2 230	3 250	2 133	369
1950.....	2 676	4 206	1 614	299
1951.....	1 449	6 395	4 117	541
1952.....	200	4 222	5 223	221

For produksjonen innanlands har ein desse oppgåvene:

	1945	1946	1947	1948	1949	1950	1951
Vanlege plogar	2 906	3 039	5 554	5 675	5 076	2 655	1 861
Hyppeplogar og andre lette plogar	1 808	1 717	669	673	281	965	536
Fjørhorver	3 099	3 711	3 682	3 529	3 689	2 033	1 661
Rullehorver	1 059	2 854	1 997	2 095	2 300	546	365
Ugras- og mosehorver	1 383	1 860	2 073	1 244	1 319	191	116
Andre horver	1 864	3 087	2 787	2 813	4 995	7 598	6 638
Hestehakker	1 350	2 045	1 962	2 274	3 389	1 785	813
Hakkemaskinar	379	371	584	357	424	480	406
Potetopptakarar, potetplogar	106	427	1 123	1 250	1 175	2 076	2 740
Treskjeverk	256	343	299	318	397	404	453
Rotrasparar og rotsskjærmaskinar	824	850	739	638	1 453	927	877
Radreinskarar	969	1 241	1 187	1 241	1 642	2 053	2 435
Gjødselspreiarar	773	275	1 610	894	1 680	1 632	2 773
Potetsorterarar	435	655

Jordskifte.

I tabell 5 bak i boka har ein teki inn nokre oppgåver over verksemda til Jordskifteverket i tida 1859—1951.

I denne tida er vel 28 000 jordskiftesaker, med over 182 000 lotteigarar, slutta av. 33 838 km² areal er skifta. Av dette var 4 359 km² innmark og 29 479 km² utmark. Dette gjeld areal som jamnast er oppmålt og kartlagt. Noko jord blir dessutan skifta utan oppmåling og kart.

Flest jordskiftesaker har det vori i Nordland og Hordaland — knapt 3 900 i kvart fylke. Talet på lotteigarar er størst, vel 24 000, i Hordaland. Det skifta arealet er størst i Nordland med 4 566 km². Så følgjer Møre og Romsdal med 3 050 og Buskerud med 2 875 km². Minst jordskifte har det vori i Finnmark og Østfold.

Det har vori i alt 6 748 overjordskiftesaker i tida 1859—1951.

Avlinga.

Fylgjande utrekningar går inn under den offisielle avlingsstatistikken:

- I. For kvar månad i veksetida (mai—september) sender Landbruksdirektøren ut ei melding om avlingsvонene for dei ymse jordbruks- og hagebruksvokstrar. Det blir gjort ei førebels utrekning av avlingsmengda ved utgangen av september.
 - II. Avlingsresultata for jordbruksvokstrane blir til slutt rekna ut av Byrået på grunnlag av oppgåver frå jordstyra i dei einskilde herad (frå og med 1925).
 - III. På grunnlag av oppgåver frå hagebruksfunksjonærane reknar Byrået ut avlinga frå hagebruket (frå og med 1933).
- I Statistiske Meldinger 1952, nr. 11, gav Byrået eit førebels oversyn over avlingane i Noreg i 1952, på grunnlag av meldingane frå Landbruksdirektøren. Melding om hagebruksavlinga, på grunnlag av oppgåvene frå hagebruksfunksjonærane, stod i Statistiske Meldinger 1952, nr. 12. Meldingar om avlinga av jordbruksvokstrane, rekna ut på grunnlag av oppgåvene frå jordstyra, er tekne inn i nr. 2 og 3 for 1953.

a) Jordbruket.

Tabellen nedanfor viser avlinga av dei ymse jordbruksvokstrar i 1952, samanlikna med 1951 og 1950.

	Avling			Avling pr. dekar i pct. av medelsåret		
	1952	1951	1950	1952	1951	1950
	Tonn	Tonn	Tonn			
Korn og erter.....	358 030	343 893	358 006	86.8	88.7	96.3
Poteter	1 187 491	1 015 023	1 115 685	93.8	78.5	86.3
Förnepe	181 786	187 626	202 679	89.0	83.3	92.9
Kålrot	331 393	290 667	326 287	93.4	85.4	93.9
Förbete	80 626	110 438	123 919	62.7	83.6	92.9
Förmergkål	81 660	72 113	70 967	92.1	95.6	98.4
Høy	2 961 768	2 741 009	3 205 352	100.2	92.1	107.5
Halm	516 340	523 453	515 245	93.2	98.7	102.6
Grønför (tørt)	60 030	67 578	65 320	93.0	94.3	97.7
I alt 1000 f.e.	1 999 027	1 859 602	2 083 835	95.9	89.7	101.7

Ved omrekninga til føreiningar har ein rekna: 1 f.e. = 1 kg kveite, rug, bygg og erter, 1.2 kg havre, 1.1 kg blandkorn, 4.5 kg poteter, 9 kg kålrot, förbete og förmergkål, 12 kg förnepe, 2.5 kg høy, 4.1 kg halm og 2.5 kg tørt grønför. Avkastninga frå beita er ikkje med i den avlingsmengda som tabellen ovanfor syner. Ein reknar at det frå beita blir teki ca. 850 mill. føreiningar årleg.

Tabellen viser også avlinga pr. dekar i prosent av medelsåret. Når ein skal döma om desse prosenttala, må ein vera merksam på at nemninga «medelså» gjeld den avlingsmengd ein reknar med å få i eit vanleg godt år, når det ikkje er noko særleg som skiplar avlingsvognene. Det er berre den mest årsikre voksteren, høyet, som gjennom ei lengre årrekke kjem opp i om lag 100 pct. av medelsårsavling. For ákervokstrane ligg medelsprosentane for åra etter 1900 mellom 88 og 92. For samla avling er prosenten 95. Stort sett aukar kravet til medelsårsavlinga litt frå år til år.

Tabellen nedanfor gjev meir detaljerte oppgåver over avlinga i 1952. Tabell 3 bak i boka viser avlinga i dei einskilde fylke.

	Areal i 1952 Dekar	Avling i kg pr. dekar	Samla avling i 1952		Pct. av medels- år	Kvali- tet ¹⁾
			Tonn	1000 f.e.		
Haustkveite	4 751	239.5	1 138	1 138	97.3	3.3
Vårvkveite	200 569	191.7	38 448	38 448	85.1	3.0
Haustrug	2 792	232.6	649	649	99.1	3.4
Vårrug	2 449	192.0	470	470	89.1	3.1
Bygg	640 279	231.0	147 911	147 911	90.3	3.4
Havre	801 565	201.1	161 161	134 301	83.4	2.9
Blandkorn	32 732	231.0	7 560	6 873	88.0	3.0
Erter	3 573	194.0	693	693	89.6	3.0
Korn og erter i alt	1 688 710	212.0	358 030	330 483	86.8	3.1
Poteter	579 473	2 049.3	1 187 491	263 887	93.8	4.0
Fôrnepe	43 224	4 205.7	181 786	15 149	89.0	3.8
Kålrot	78 922	4 199.0	331 393	36 821	93.4	3.8
Fôrbete	26 390	3 055.2	80 626	8 958	62.7	3.8
Fôrmergkål	16 247	5 026.1	81 660	9 073	92.1	4.2
Grønfôr (tørt)	118 728	505.6	60 030	24 012	93.0	3.7
Høy { eng på dyrka jord	4 721 889	549.6	2 595 102	1 038 041	100.5	4.3
frå natureng på innmark	985 079	310.3	305 693	122 277	99.0	3.6
sæterlykkjer	127 035	293.7	37 312	14 925	93.1	3.4
utslætter	134 551	175.8	23 661	9 464	100.0	3.1
Halm	1 688 710	305.8	516 340	125 937	93.2	3.5
- I alt 1000 f.e.	-	-	-	1 999 027	95.9	-

¹⁾ Kvalitetsgradering: 5 = sers god, 4 = mykje god, 3 = god, 2 = mindre god og 1 = därleg.

Veret var ikkje serleg bra i veksetida. Våren kom tidleg, og under våronna var det sers gode vilkår. I mai var nedbøren litt over det normale. Juni månad var sur og kald, med unnatak av Nord-Noreg der det var varmt og drivande ver. I dei første dagane av juli var det retteleg sumarvarme i Sør-Noreg, men det varde ikkje lenge før temperaturen atter var under det normale. Sume stader austafjells var det for tørt, medan det var meir enn nok regn andre stader. August var beste veksemånaden, men også då var temperaturen under det normale. Det var surt ver i kyststroka. Det kalde veret heldt fram i september. I første delen av denne månaden var det bra ver for innhaustinga, men det var därleg dei siste vekene. Sume stader var det nattefrost og snøfall.

Samla avling (beita er haldne utanfor) i 1952 er utrekna til 1 999 mill. føreiningar. Dette er 139 mill. f.e. meir enn året før. Avlinga i 1952 er rekna som 96 pct. av medelsår — mot 90 pct. i 1951 og 102 pct. i 1950.

Avlinga av korn og erter er utrekna til i alt 358 000 tonn. Dette er ca. 14 000 tonn meir enn i 1951. Det er auken i kornarealet som er årsak til avlingsauken. Pr. arealeining var avlinga litt mindre i 1952 enn året før. Avlinga pr. dekar var 212 kg. Det var 86.8 pct. av medelsåret.

Haustsæd av kveite og rug gav bortimot medelsårsavling, men areala er framleis små. Avlinga av vårvkveite var 192 kg pr. dekar, som medeltal for heile landet. Det var 85 pct. av medelsåret, mot berre 75 pct. i 1951. I sume fylke låg prosenten lægre enn året før, men i nokre av dei beste kveitedistrikta var avlinga betre enn i 1951. Prosenttala for dei einskilde herad varierte frå ca. 100 til ca. 60, unntaksvis under 50. Vårvkveiten vart seint og ujamt mogen, og noko vart skadd av frost. Kveitearealet gjekk tilbake siste året. Samla kveite-

avling (haust- og vårkveite) er utrekna til knapt 40 000 tonn. Det er litt mindre enn i 1951.

Bygget slo betre til enn vårkveiten. Det gav 231 kg pr. dekar. Dette er rekna som vel 90 pct. av medelsår. I 1951 gav det knapt 90 pct. Byggavlingane var jamnare enn kveiteavlingane. Berre i Buskerud og Nordland fekk ein mindre enn 85 pct. av medelsår. Bygget nådde for det meste full mogning. Berre i utsette strok vart det skadd av frost. Byggarealet har auka sterkt dei siste åra. Trass i at det ikkje var noko serleg godt avlingsår, kom samla byggavling opp i ca. 148 000 tonn. Det er den største byggavlinga som er utrekna til dessa.

Av alle kornartene var det havren som slo därlegst til. Den gav berre 201 kg pr. dekar. Det var vel 83 pct. av medelsår. I 1951 var avlinga 220 kg pr. dekar — 92 pct. av medelsåret. I Buskerud, der det i det heile vart eit därleg kornår, gav havren berre 65 pct. av medelsåret. Sør-Trøndelag og Nordland låg på nokolunde same nivået. Det var få fylke som fekk over 90 pct. av medelsåret. Havren var mykje plaga av havrelus i veksetida. Mykje havre vart seint og ujamt mogen. Det var også mykje som ikkje vart mogen i det heile. Elles var det mykje som vart skadd av frost, og ved därleg berging. Noko havre vart hausta som grønför og noko vart føra opp utan å vera treskt.

Blandkornet gav om lag same dekaravling som bygg — 231 kg, eller 88 pct. av medelsåret. Det var ujamne erteravlingar. Avlinga for heile landet under eitt var 194 kg pr. dekar.

På grunn av sein mogning og därleg berging vart det stort vassinhald i kornet. Mykje korn vart i det heile av därleg kvalitet. Halmavlinga pr. dekar var vel 93 pct. av medelsåret.

Potetavlinga i 1952 er utrekna til 1 187 000 tonn. Det er vel 170 000 tonn meir enn året før. Medeltalet for heile landet var 2 049 kg pr. dekar — knapt 94 pct. av medelsåret. I 1951 var avlinga 1 735 kg pr. dekar og 78.5 pct. av medelsår. Det vart svært ujamne potetavlingar, ikkje berre innan større strok av landet, men også innan dei einskilde herad. På utsette stader gjorde frosten stor skade. Elles vart voksteren hindra av kaldt ver, stor nedbør og mykje ugras. Tørrroten gjorde seg lite gjeldande. Austlandet og Sørlandet fekk stort sett bra potetavlingar, for det meste over medelsårsavling. Dei fleste av desse fylka fekk 2 100—2 300 kg poteter pr. dekar. Det meste av Vestlandet fekk uvanleg därleg avling. Verst var det i Hordaland, med 63 pct. av medelsår. I Rogaland var prosenten 76. I Møre og Romsdal vart det bortimot medelsårsavling, og i Trøndelag låg prosenten noko over 90. Fylka i Nord-Noreg fekk 80—90 pct. av medelsår. Kvaliteten av potetene var stort sett god. Den var betre enn året før i alle fylka.

Avlinga av *rotvokstrane* er utrekna til i alt 675 000 tonn. Det er noko meir enn året før, men likevel berre 87 pct. av medelsår. Det kalde veret sette avlinga ned. Ein merka det serleg på forbetene, som gav knapt 63 pct. av medelsår. For dei andre rotvokstrane låg prosentane kring 90. Også av rotvokstrane var avlinga relativt best på Austlandet og Sørlandet. Der gav fôrnepe og kålrot 90—100 pct. og forbete 70—85 pct. av medelsår. Forbetene gav berre 50 pct. av medelsår i Rogaland. Dette fylket har storparten av forbetearealet.

Grønfôret gav ei samla avling på vel 60 000 tonn. Både arealet og avlinga pr. dekar var mindre enn i 1951. Kvaliteten vart mange stader mindre god på grunn av därleg bergingsver.

Høyavlinga er utrekna til i alt 2 962 000 tonn i 1952. Det er ca. 220 000 tonn meir enn i 1951, trass i at arealet var noko mindre i 1952. Når ein ser heile landet under eitt, gav eng på dyrka jord 550 kg høy pr. dekar (100.5 pct. av medelsår), og natureng på inntmark 310 kg (99 pct.). Eng på dyrka jord gav relativt därlegst avling på Austlandet og i Nord-Noreg (med unnatak av Finnmark). For Vest-Agder og fylka på Vestlandet og i Trøndelag låg prosenttala på 101—111. Prosenten var høgst i Rogaland der avlinga var 785 kg pr. dekar. For naturenga

stod fylka i nokolunde same rekkjefylgje, men Møre og Romsdal og Trøndelag nådde ikkje opp i full medelsårsavling. Finnmark fekk relativt betre høyavlingar enn dei andre fylka i Nord-Noreg.

Avlinga frå sæterlykkjene vart berre 93 pct. av medelsår. Det er Austlandet som har mest sæterlykkjer. Denne landsluten har difor sterkest verknad på prosenttalet. Utslåttene nådde opp i full medelsårsavling, når ein ser heile landet under eitt. Det er Vestlandet og Nord-Noreg som har mest utslåtter.

Sume stader var enga kløverfattig i 1952. Mange stader, serleg i Nordland og Troms, var enga skadd av isbrann. Kvaliteten av høyavlinga var stort sett god på Austlandet og i Trøndelag. På Vestlandet og i Nord-Noreg var bergingstilhøva verre. Dette gjorde at ein del av høyet vart av mindre god kvalitet der.

Tabellen nedanfor viser avlinga i jordbruksavlinga i 1952 (i 1000 f.e.), fylkesvis, samanlikna med 1951, 1950 og medeltala for 1936—1940.

	Avling i 1000 f.e.				I pct. av medelsår		
	1952	1951	1950	1936—1940 ¹⁾	1952	1951	1950
Ostfold	157 418	151 427	158 478	146 438	96.6	94.9	100.2
Akershus	168 607	157 959	179 601	171 619	94.2	89.0	101.5
Hedmark	220 087	204 808	231 928	192 612	97.3	92.4	105.8
Oppland	184 277	175 399	207 575	170 604	94.9	89.8	106.2
Buskerud	86 119	94 800	104 505	96 736	83.7	93.3	103.0
Vestfold	104 134	93 451	101 887	100 250	95.5	87.6	97.3
Telemark	58 198	58 925	63 945	62 067	90.9	90.6	98.5
Aust-Agder	31 747	29 578	32 859	31 630	94.8	86.5	93.4
Vest-Agder	45 939	34 809	42 309	39 591	105.8	79.0	96.9
Rogaland	121 420	109 706	125 073	105 719	96.9	79.0	101.3
Hordaland	97 907	81 953	102 703	85 756	101.4	83.1	102.3
Sogn og Fjordane	88 756	77 174	91 524	73 749	100.1	86.7	104.7
Møre og Romsdal	126 038	112 469	127 872	103 019	98.7	89.4	101.9
Sør-Trøndelag	148 372	143 879	155 971	140 667	96.1	93.5	104.4
Nord-Trøndelag	149 274	135 466	147 493	133 638	96.3	88.7	100.8
Nordland	121 334	112 458	123 857	106 447	94.2	87.9	99.3
Troms	69 734	68 435	71 364	49 184	93.2	90.5	96.0
Finnmark	19 666	16 906	14 891	9 114	108.6	100.4	86.1
Bygdene i alt	1 999 027	1 859 602	2 083 835	1 818 840	95.9	89.7	101.7

¹⁾ Utan grønför, forbeter og förm ergkål.

Fylgjande tabell viser avlinga i kg pr. dekar for dei einskilde år i tida 1945—1952, og som medeltal for 5-års periodar i tida 1925—1944.

	Kveite	Rug	Bygg	Havre	Bland-korn	Potet	För-nepe	Kål-rot	Høy frå eng på dyrka	natur- eng på jord
1925—29.....	171	173	187	187	197	1 777	3 985	3 509	422	222
1930—34.....	167	177	189	186	191	1 800	3 920	3 652	417	230
1935—39.....	202	194	206	219	224	1 736	3 920	3 561	459	226
1940—44.....	167	174	182	177	199	1 709	3 759	3 282	398	217
1945.....	179	170	195	193	203	1 721	3 396	2 884	488	256
1946.....	209	200	232	222	247	1 931	3 523	2 681	470	252
1947.....	158	149	207	174	193	1 616	3 383	2 500	432	281
1948.....	231	220	243	240	254	2 242	4 418	4 023	532	286
1949.....	217	208	216	215	248	1 887	4 104	3 923	547	299
1950.....	209	214	237	231	250	1 892	4 270	4 166	578	314
1951.....	165	185	224	220	230	1 735	3 839	3 848	505	279
1952.....	193	214	231	201	231	2 049	4 206	4 199	550	310

b) *Hagebruket.*

Utrekningar over hagebruksavlinga har ein for alle år frå og med 1933. Grunnlaget for utrekninga vart revidert i 1950. Tala for medelsårsavling vart då auka. Dette gjorde seg serleg gjeldande for frukt, der dyrkinga har gjort store framsteg i dei seinare år. Også for bær og grønsaker vart medelsårsavlinga auka litt. Dei avlingsmengdene ein har komi fram til ved utrekningane for 1950 og seinare år, kan ein difor ikkje utan vidare samanlikna med utrekningane frå åra før. (Sjå Jordbruksstatistikk 1950. N.O.S. XI 69.)

Utrekninga av grønsakavlinga gjeld som før berre hovudkulturane. Grønsakarealet i småhagar (kjøkenhagar) som ikkje er spesifisert for dei einskilde grønsakslag, er heller ikkje med i utrekninga. Slik spesifikasjon har ein heller ikkje for byane.

Dei grønsakareaala som er med i utrekninga svara i 1949 til ca. 75 pct. av heile grønsakarealet. (Lauken er då rekna med.) Om lag 23 pct. fall på «kjøkenhagane» og ca. 2 pct. var småkulturar som raudbete, nepe, salat o. a.

For frukt og bær gjeld utrekninga det heile, også byane.

Avlingsoppgåvene skal, for alle voksterslag, gjelda slik vare som ein kan rekna som godt brukande i hushaldet — eller som god torgvare ved sal. Under «kål» er det rekna med dei ymse slag i høve til det areal dei blir dyrka på i distriktet. Av tomatar reknar ein med det som når mogning (også ved «ettermogning»). Av dei grøne tomatane tek ein med det som ein reknar blir nytta til sylting.

Heile kålrotavlinga blir i statistikken rekna med under jordbruksvokstrane. Til vanleg går det meste av kålrota til fôr, og ein har ikkje materiale som syner kor mykje som blir nytta til mat.

Tabellen på neste side viser utrekna avling i 1952 samanlikna med 1951.

Utviklinga vart seinka og kvaliteten av avlinga vart sett ned for dei fleste vokstrane, av di sumaren var så kald og rå. Dette gjorde seg serleg gjeldande i Nord-Noreg og Trøndelag. I alle fruktstroka var det rik bløming, men det var lite insekt, og kartsetjinga vart ujamn. Ein stor del av kirsebæra sprakk og rotna. Mykje frukt nådde ikkje normal storleik, og fargen vart därleg. Avlinga frå hagebruket vart likevel i det heile litt større enn i 1951.

Fruktavlinga er utrekna til i alt vel 69 000 tonn i 1952, mot vel 62 000 tonn i 1951. I 1950, som var eit serleg godt fruktår, var avlinga 87 000 tonn.

Avkastninga av sumar- og hausteleple er rekna til vel 17 000 tonn, eller 93 pct. av medelsår. I 1951 var avlinga vel 15 000 tonn. Det var Oppland, Vestfold, Akershus, Østfold, Buskerud og Sogn og Fjordane som fekk best avkastning.

Avlinga av vinterteleple er utrekna til vel 30 000 tonn, eller 93 pct. av medelsår — mot 27 000 tonn i 1951. Sogn og Fjordane står best, dernest Vestfold, Østfold, Akershus, Oppland og Rogaland.

Pæreavlinga er utrekna til bortimot 7 000 tonn. Det var 83 pct. av medelsår. I 1951 var avlinga på vel 6 000 tonn. Berre i Vestfold nådde pæreavlinga opp i medelsår.

Plomeavlinga er utrekna til 11 000 tonn — 87 pct. av medelsår. I 1951 var avlinga på vel 10 000 tonn. Plomene slo best til i Buskerud, Vestfold, Aust-Agder og Sogn og Fjordane.

Avlinga av kirsebær og morellar var etter utrekninga vel 3 000 tonn, eller 71 pct. av medelsår, mot 3 800 tonn i 1951. Møre og Romsdal fekk relativt størst avling, dernest Østfold, Vestfold og Telemark.

Samla bæravling er utrekna til 25 000 tonn, mot vel 24 000 tonn i 1951. Av avlinga i 1952 var framimot 10 000 tonn rips, knapt 4 000 tonn stikkelsbær, 4 000 tonn solbær, 5 000 tonn jordbær og vel 2 000 tonn bringebær. Det var stikkelsbæra som slo best til. Solbæra gav relativt minst avling. Serleg därleg avling gav dei i Rogaland og Hordaland.

Avlinga av grønsaker på friland er etter utrekninga bortimot 91 000 tonn,

Avlinga i hagebruket i 1952 samanlikna med 1951.

	Tal eller areal i 1952 i pct. av 1949	Talet på tre og buskar, areal i dekar, m ² 1952	Medels- årsavling pr. einring Kg	Samla medels- års- avling Tonn	Avling i 1952 i pct. av medels- års- avling	Samla avling	
						i 1952	i 1951
						Tonn	
Tre:							
Eple, sumar- og haust-	104.2	938 157	20	18 763.1	93.0	17 440.6	15 112.5
» vinter	113.3	1 642 910	20	32 858.2	93.2	30 627.4	27 109.4
Pærer	105.2	378 791	22	8 333.4	82.9	6 911.4	6 281.0
Plomer	106.4	790 880	16	12 654.1	87.1	11 023.4	10 276.2
Kirsebær og morellar ..	100.7	369 828	12	4 437.9	70.7	3 135.5	3 801.6
Buskar:							
Rips	102.6	1 714 024	6	10 284.1	95.9	9 860.3	9 982.1
Stikkelsbær	103.1	983 291	4	3 933.2	100.1	3 935.8	3 679.5
Solbær	113.2	1 552 515	3	4 657.5	87.5	4 074.5	3 711.4
Dekar:							
Jordbær	114.1	10 855	500	5 427.5	91.5	4 963.5	5 086.6
Bringebær	105.6	5 361	450	2 412.5	90.1	2 173.7	1 806.6
Kål	114.2	17 494.9	3 200	55 983.7	91.4	51 142.9	51 418.9
Gulrot	117.7	10 630.0	2 800	29 764.0	98.0	29 176.2	23 010.4
Bønner	98.9	734.8	650	477.6	56.2	268.2	419.1
Hageerter	99.3	1 822.2	650	1 184.4	86.0	1 019.0	1 147.2
Matlauk	139.6	2 375.2	2 000	4 750.4	87.7	4 164.1	3 936.4
Purre	109.3	674.0	2 500	1 685.0	93.3	1 572.2	1 723.2
Selleri	107.5	541.8	1 500	812.7	89.0	723.5	714.0
Persillerot	109.0	185.2	1 200	222.2	96.9	215.3	197.9
Rabarbra	96.8	509.7	4 000	2 038.8	100.3	2 044.9	2 085.4
Agurkar på friland ...	101.7	1 646.8	500	823.4	40.7	334.8	464.4
Tomatar på friland...	95.1	478.9	1 000	478.9	20.8	99.7	160.7
^{m²}							
Agurkar under glas ..	124.9	130 912	15	1 963.7	114.1	2 241.3	2 025.6
Tomatar under glas ..	129.4	464 880	12	5 578.6	106.0	5 911.6	5 863.5

mot vel 85 000 tonn i 1951. Dei vokstrane som krev mykje varme, slike som bønner og agurkar og tomatar på friland, slo därleg til. Dei meir grove grønsakslaga gav god avling. Som vanleg fall det meste — vel 51 000 tonn — av grønsakavlinga på kål. Kålen slo best til i Vest-Agder, dernest i Akershus, Aust-Agder og Rogaland. Gulrotavlinga er utrekna til 29 000 tonn — 6 000 tonn meir enn året før. I alle fylka frå Østfold til Hordaland (med unnatak av Telemark) og i Finnmark nådde avlinga opp i medelsår eller meir. Matlauken gav ei avling på vel 4 000 tonn. Avlinga kom opp i medelsår i Østfold, Hedmark, Vest-Agder, Sogn og Fjordane og Nord-Trøndelag. Dårlegst var det i Nord-Noreg og Rogaland.

Agurkar og tomatar under glas slo godt til overalt. Totalavlinga er utrekna til knapt 6 000 tonn tomatar og vel 2 000 tonn agurkar.

Tabell 4 bak i boka viser avlinga av dei ymse hagevokstrar i dei einskilde fylke.

Bruken av kunstgjødsel, kraftfør og A. I. V.-væske.

Innhaldet av fosfor og kalium i gjødsel skal ein no (sidan 1. juli 1947) gje opp som prosentinnhaldet av grunnstoffa fosfor (P) og kalium (K). Dette er i samsvar med den nemning ein nyttar for kvæve (N). Etter kongeleg resolusjon av 18. april 1947, om handel med kraftfør og kunstgjødsel, gjeld dette for all offentleg landbruksverksemd.

Rekna etter desse nye reglane var omsetnaden av *kunstgjødsel* i tonn grunnstoff:

	Kvæve (N)	Fosfor (P)	Kalium (K)
1939.....	10 270	6 464	12 305
1945.....	21 500	567	14 967
1946.....	18 988	7 327	12 854
1947.....	20 905	9 890	24 053
1948.....	23 302	11 754	27 588
1949.....	25 216	14 108	35 056
1950.....	36 864	16 171	41 837
1951.....	30 699	14 949	34 433
1952.....	33 397	15 490	37 378

I krigsåra vart det nytta mykje meir kvæve- og kaliumgjødsel enn før krigen. I 1942 var forbruket av kalium såleis oppe i bortimot 25 000 tonn. Av fosforgjødsel, derimot, var det berre små mengder ein hadde til rådvelde. Alt i 1946 var forbruket av fosforgjødsel vel så stort som i åra før krigen. I dei fylgjande åra auka kunstgjødselforbruket sterkt. Ein må elles vera merksam på at tala i tabellen ovanfor gjeld omsetnaden, ikkje forbruket. Omsetnad og forbruk fell ikkje like godt saman i alle år. Pris- og vertilhøva, og andre årsaker kan føra til at ein god del kunstgjødsel som er kjøpt eitt år først blir nytta året etter. Det er truleg slike ting som er årsak til dei store tala i 1950. Tala for 1952 er meir enn tre gonger så store som i 1939 når det gjeld kvæve og kalium, og om lag 2½ gonger så stort for fosforgjødsel.

Tabellen nedanfor viser innførsla av *kraftfør*¹⁾ — i tonn.

	Mais	Kli	Olje- og eggekviterike	Andre kraft- føremlne	Til saman
1939	148 129	59 269	97 067	24 728	329 193
1944	—	3 690	13 751	2 493	19 934
1945	37 815	—	20 987	23	58 825
1946	68 178	1 646	9 091	6 013	84 928
1947	101 131	33 257	59 562	10 790	204 740
1948	123 373	23 748	19 467	31 610	198 198
1949	135 111	2 914	30 546	21 742	190 313
1950	131 208	1 499	76 433	39 677	248 817
1951	53 074	—	46	36 348	89 468
1952	93 698	—	14 143	48 998	156 839

¹⁾ Førbygg og fôrkveite ikkje rekna med.

Dei innførde kraftförmengder har variert heller sterkt i tida etter krigen. Det var sterke auke dei første par åra. I dei tre åra 1947—49 vart det ført inn ca. 200 000 tonn pr. år. Så var det etter sterke auke i 1950, men nedgang att i 1951 til same nivå som i 1946. I 1952 vart det ført inn ca. 157 000 tonn. Det meste var mais. Av kli er det ikkje stort som er innført dei siste fire åra. Mengdene av olje- og eggekviterike kraftföremne har ymsa mykje frå år til år. Innførsla av «andre kraftföremne» var relativt stor i 1952. Det meste var durra.

I 1952 vart det ført inn 87 000 tonn råemne til oljemylnene. Det var 101 000 tonn i 1951, 84 000 tonn i 1950 og 56 000 tonn i 1949. Straks før krigen vart det ført inn 90 000—100 000 tonn årleg.

Fylgjande oppgåver frå Statens Kornforretning viser kraftfôromsetnaden (i tonn) innanlands, til grossist.

	Kolhydrat-rikt	Eggekviterikt		Sum	För-cellulose
		i alt	av dette sildmjøl		
1939/40	299 219	173 503	1)	472 722	-
1940/41	45 873	86 377	70 334	132 250	89 164
1941/42	53 659	53 281	50 630	106 940	155 353
1942/43	36 460	39 070	30 063	75 530	207 000
1943/44	2)	60 628	31 822	12 016	92 450
1944/45	24 115	34 248	26 284	58 363	100 402
1945/46	134 574	114 099	64 369	248 673	2 323
1946/47	177 416	131 895	53 574	309 311	-
1947/48	252 873	154 329	92 365	407 202	-
1948/49	3)	217 377	142 744	74 705	360 121
1949/50	4)	328 704	197 560	79 108	526 264
1950/51	5)	235 854	112 396	45 483	348 250
1951/52	6)	282 482	139 446	62 959	421 928

1) Gjeld også fiskemjøl i 1939/40. 2) Av dette ca. 15 000 tonn innført fôrhavre. 3) Av dette 36 463 tonn förbygg. 4) Av dette 73 796 tonn förbygg. 5) Av dette 21 593 tonn förbygg og 23 644 tonn förkveite. 6) Av dette 37 643 tonn förbygg og 35 588 tonn förkveite.

I dei einskilde månader i 1951 og 1952 var omsetnaden til grossist (tonn):

	Eggekviterikt		Kolhydratrik		I alt
	Innført	Norsk ¹⁾	Innført ²⁾	Norsk ¹⁾	
1951.					
Januar	-	5 756	26 530	4 976	37 262
Februar	-	10 905	6 286	4 466	21 657
Mars	-	20 710	11 069	3 969	35 748
April	-	13 649	14 670	7 986	36 305
Mai	-	8 316	8 690	8 393	25 404
Juni	-	7 660	13 921	7 100	28 681
Juli	-	5 586	17 083	2 922	25 591
August	-	6 694	6 075	4 742	17 511
September	-	7 503	-	4 278	11 781
Okttober	-	7 885	27 238	5 190	40 313
November	-	7 260	15 665	4 797	27 722
Desember	-	7 405	17 474	4 778	29 657
Året	-	109 329	164 701	63 602	337 632
1952.					
Januar	-	12 965	16 195	6 368	35 528
Februar	-	18 969	13 480	6 625	39 074
Mars	7 152	19 601	29 551	6 626	62 930
April	2 071	12 447	23 956	4 425	42 899
Mai	-	14 417	49 704	4 967	69 088
Juni	-	9 490	5 688	4 657	19 835
Juli	-	3 697	5 074	3 713	12 484
August	-	5 484	7 288	4 284	17 056
September	-	6 931	16 494	5 195	28 620
Okttober	962	6 672	25 075	8 605	41 314
November	1 380	10 624	19 197	8 534	39 735
Desember	3 984	9 033	25 195	5 119	43 331
Året	15 549	130 330	236 897	69 118	451 894

1) Gjeld også norsk produksjon av innførte råemne.

2) Förbygg og förkveite er rekna med.

For rasjoneringsåret 1951/52 vart grunnrasjonen pr. utrekna ku auka til 54 kg for kyr og mjølkegeiter. Elles var det 45 kg pr. periode, som året før. (Skiljet mellom kolhydratkraftfør og eggekvittekraftfør i rasjonane, vart avskipa frå 1. oktober 1950.) Ekstrarasjonane for levert slakt var, som året før, 1 kg kraftfør pr. kg flesk, okse-, kvige- og saupekjøt. Det vart dessutan delt ut noko kraftfør utanom rasjonane, på grunn av dei därlege førravlingane.

For rasjoneringsåret 1952/53 bygger ikkje grunnrasjonane lenger på «utrekna kyr». Det er føresegner for kva kraftförmengder som kan tilvisast dei ulike dyreslag. Rasjonane ymsar framleis etter storleiken på bruken, og for mjølkekyrne også etter ytinga. Det blir ikkje gjevi ekstrarasjonar for levert slakt.

Omsetnaden av A.I.V.-væske, rekna i liter 18 n. syre, var:

1938.....	433 740	1946.....	878 317
1939.....	589 860	1947.....	874 589
1940.....	901 645	1948.....	1 569 555
1941.....	1 406 945	1949.....	1 091 939
1942.....	1 777 499	1950.....	1 310 153
1943.....	1 321 490	1951.....	1 911 603
1944.....	1 026 105	1952.....	2 296 026
1945.....	279 880		

Desse tala gjev ikkje uttrykk for brigda i samla produksjon av siloför. Ein sers stor del av silomassen blir laga utan bruk av A.I.V.-væske. Oppgåver over silomengda har ein berre i samband med dei fullstendige jordbrukssteljingane i 1939 og 1949.

Husdyrhaldet.

Tabellen nedanfor viser talet på husdyr i åra 1945—1952, samanlikna med 1939.

Talet på husdyr pr. 20 juni. Bygdene i alt.

	Hestar	Storfe	Sauer	Geiter	Svin	Vaksne høns
1939.....	203 931	1 455 016	1 743 802	248 916	361 953	3 422 368
1945.....	231 000	1 220 000	1 760 000	204 000	195 000	1 200 000
1946.....	237 974	1 266 980	1 703 801	177 666	256 660	1 432 690
1947.....	224 545	1 225 024	1 698 026	154 956	258 635	2 046 575
1948.....	206 121	1 175 089	1 629 463	144 862	248 345	2 725 487
1949.....	198 266	1 224 133	1 735 623	146 594	418 840	3 710 906
1950.....	190 514	1 236 600	1 811 748	130 045	422 156	3 911 996
1951.....	183 828	1 230 532	1 928 948	118 828	386 120	3 320 489
1952.....	175 356	1 151 830	1 986 726	115 417	418 435	3 197 045
Relative tal.						
1939 = 100.						
1939.....	100.0	100.0	100.0	100.0	100.0	100.0
1945.....	113.3	83.8	100.9	82.0	53.9	35.1
1946.....	116.7	87.1	97.9	71.4	70.9	41.9
1947.....	110.1	84.2	97.4	62.3	71.5	59.8
1948.....	101.1	80.8	93.4	58.2	68.6	79.6
1949.....	97.2	84.1	99.5	58.9	115.7	108.4
1950.....	93.4	85.0	103.9	52.2	116.6	114.3
1951.....	90.1	84.6	110.6	47.7	106.7	97.0
1952.....	86.0	79.2	113.9	46.4	115.6	93.4

Tala for 1945 syner den sterke nedgangen i hønse- og svinetalet under krigen. Ein ser at også talet på geiter og storfe gjekk ned, medan det var heller sterkt auke i talet på hestar.

Etter krigen har talet på hestar gått relativt sterkt tilbake. Talet på storfe har haldi seg om lag på same nivå som under krigen, men for siste året ligg det noko lægre. Sauehaldet har auka dei siste åra. Talet på geiter har framleis gått ned. Svine- og hønsehaldet har auka sterkt etter krigen sluttta. I 1949 var tala høgre enn før krigen. I tida etter 1949 har ikkje talet på svin endra seg noko serleg, det er einast 1951 som skil seg ut med noko lægre tal. Talet på vaksne høns har synt noko nedgang dei to siste åra.

Tabellen nedanfor gjev meir detaljerte oppgåver over husdyrhaldet pr. 20. juni 1952, samanlikna med 1951 og 1949.

	Husdyrhaldet 20. juni			Brigde 1951–52		Brigde 1949–52	
	1952	1951	1949	I tal	I pct.	I tal	I pct.
Hestar:							
Under 1 år	4 762	5 752	8 218	÷ 990	÷ 17.2	÷ 3 456	÷ 42.1
1 og 2 år	6 893	8 393	9 948	÷ 1 500	÷ 17.9	÷ 3 055	÷ 30.7
3 og 4 år	10 505	11 822	24 959	÷ 1 317	÷ 11.1	÷ 14 454	÷ 57.9
5—16 år	130 608	135 826	134 898	÷ 5 218	÷ 3.8	÷ 4 290	÷ 3.2
Over 16 år	22 588	22 035	20 243	+ 553	+ 2.5	+ 2 345	+ 11.6
I alt	175 356	183 828	198 266	÷ 8 472	÷ 4.6	÷ 22 910	÷ 11.6
Storfe:							
Under 1 år	254 469	273 968	269 696	÷ 19 499	÷ 7.1	÷ 15 227	÷ 5.6
Oksar { 1—2 år	39 832	42 181	35 128	÷ 2 349	÷ 5.6	+ 4 704	+ 13.4
over 2 år	5 300	6 263	5 783	÷ 963	÷ 15.4	+ 483	+ 8.4
Kriger (som ikkje har hatt kalv)	140 782	153 529	144 275	÷ 12 747	÷ 8.3	÷ 3 493	÷ 2.4
Kyr (som har hatt kalv)	711 447	754 591	769 251	÷ 43 144	÷ 5.7	÷ 57 804	÷ 7.5
I alt	1 151 830	1 230 532	1 224 133	÷ 78 702	÷ 6.4	÷ 72 303	÷ 5.9
Sauer:							
Under 1 år (lam) ...	1 008 335	967 468	843 589	+ 40 867	+ 4.2	+ 164 746	+ 19.5
Over 1 år	978 391	961 480	892 034	+ 16 911	+ 1.8	+ 86 357	+ 9.7
I alt	1 986 726	1 928 948	1 735 623	+ 57 778	+ 3.0	+ 251 103	+ 14.5
Geiter:							
Under 1 år (kje)	31 425	31 792	41 810	÷ 367	÷ 1.2	÷ 10 385	÷ 24.8
Over 1 år	83 992	87 036	104 784	÷ 3 044	÷ 3.5	÷ 20 792	÷ 19.8
I alt	115 417	118 828	146 594	÷ 3 411	÷ 2.9	÷ 31 177	÷ 21.3
Svin:							
Under 4 månader ...	227 243	222 040	249 281	+ 5 203	+ 2.3	÷ 22 038	÷ 8.8
Over { slaktesvin ...	140 561	116 656	111 954	+ 23 905	+ 20.5	+ 28 607	+ 25.6
4 ale- { rånar	2 229	2 176	2 250	+ 53	+ 2.4	÷ 21	÷ 0.9
mndr. { svin { purker	48 402	45 248	55 355	+ 3 154	+ 7.0	÷ 6 953	÷ 12.6
I alt	418 435	386 120	418 840	+ 32 315	+ 8.4	÷ 405	÷ 0.1
Høns:							
Vaksne	3 197 045	3 320 489	3 710 906	÷ 123 444	÷ 3.7	÷ 513 861	÷ 13.8
Kjuklingar.....	1 689 846	1 368 769	3 031 531	+ 321 077	+ 23.5	÷ 1341685	÷ 44.3

Talet på husdyr i dei einskilde fylke i 1952 ser ein av tabell 2 bak i boka.

Talet på hestar har gått tilbake over heile landet, med unnatak av Telemark, Vest-Agder og Finnmark der tala var om lag som i 1951. I alt var det ein nedgang på ca. 8 500 dyr frå 1951 til 1952. Det er talet på føl og unghestar som har minka relativt sterkest. Talet på føl, knapt 4 800, var 42 pct. lægre enn i 1949. Det er litt auke i talet på hestar over 16 år.

Talet på unghestar er no lægre enn nokon gong tidlegare i dei siste 50 åra.

Tabellen nedanfor gjev eit bilet av utviklinga.

Talet på hestar delt etter alder.

	30. sept. 1907	30. sept. 1917	20. juni 1929	20. juni 1939	20. juni 1949	20. juni 1952
Under 1 år	9 598	16 850	6 703	16 135	8 218	4 762
1 og 2 år	17 489	28 057	13 203	31 876	9 948	6 893
3 og 4 år	21 633	26 026	13 128	25 631	24 959	10 505
5—16 år	88 887	94 503	107 918	71 022	134 898	130 608
Over 16 år	26 014	36 929	36 217	59 267	20 243	22 588
I alt ...	163 621	202 365	177 169	203 931	198 266	175 356
I prosent:						
Under 1 år	5.86	8.33	3.79	7.91	4.14	2.72
1 og 2 år	10.68	13.86	7.45	15.63	5.02	3.93
3 og 4 år	13.21	12.86	7.41	12.57	12.59	5.99
5—16 år	54.35	46.70	60.91	34.83	68.04	74.48
Over 16 år	15.90	18.25	20.44	29.06	10.21	12.88
I alt ...	100.00	100.00	100.00	100.00	100.00	100.00

Både absolutt og relativt var det færre føl (under 1 år), 1- og 2-åringar og 3- og 4-åringar i 1952 enn ved nokon av dei fullstendige jordbrukssteljingane. Derimot var det relativt fleire hestar i den mest arbeidsføre alder, 5—16 år. Det var sers lite hest over 16 år, men det har vorti relativt fleire i denne aldersgruppa i åra etter 1949.

Det er oppalet (talet på føl) som i første rekke legg grunnlaget for utviklinga innan hestehaldet. Talet på føl har variert sterkt i tida etter hundreårs-skiftet. I 1900 var det 12 000 føl. Ved teljinga i 1907 var det knapt 10 000. Under førre verdenskrigen var det sterkt auke i talet på føl. Ved teljinga i 1917 var det bortimot 17 000, men det varde ikkje lenge før talet gjekk sterkt tilbake. Det var ca. 7 000 føl árleg i 1920-åra og i første delen av 1930-åra. Så auka talet til ca. 16 000 i slutten av 1930-åra og i dei første krigsåra. I dei siste krigsåra vart det sett på mange føl, truleg vel 20 000 pr. år. Det er desse store kulla frå tida 1935—1945 som gjev det store hestetalet ein no har i aldersklassen 5—16 år. I tida etter krigen har talet på føl gått sterkt ned — til knapt 5 000 i 1952. Etter kvart som dei små etterkrigskulla når opp i aldersgruppa 5—16 år — og dette har no teki til — vil samstundes dei store kulla frå 1935—1945 gå ut. Dette vil føra til at talet på hest i den mest arbeidsføre alder, 5—16 år, vil bli mindre år for år. Kor langt ned talet skal gå vil retta seg etter kva tid talet på føl blir auka att. I alle høve vil det no bli ei rekke av år med færre og færre dyr i alderen 5—16 år, medan talet på eldre dyr venteleg vil auka.

I 1952 var det bortimot 80 000 færre storfe enn året før. Meir enn halvdelen av dette fell på mjølkekyrne. Talet på mjølekekryr gjekk tilbake i alle fylka. Nedgangen var sterkest i Buskerud, Oppland, Vestfold, Aust-Agder, Telemark og Hedmark. I desse fylka hadde talet minka med 7—10 pct. I dei fleste andre fylka var det 4—5 pct. nedgang.

Ei spesiell utrekning der brukta er delt på to grupper etter storleiken — over 100 dekar og inntil 100 dekar jordbruksareal — syner at det ikkje er nokon skilnad mellom desse to gruppene, når ein ser tala for 1952 i høve til 1949 for heile landet under eitt. I begge gruppene var det 7.5 pct. færre mjølekekryr i 1952 enn i 1949. I sume fylke har dyretalet gått sterkest ned ved dei større bruk. Slik er det i Østfold, Hedmark, Oppland, Buskerud, Vest-Agder og Nord-Trøndelag.

Talet på høns delt etter alder. Prosent.

	Hanar	Høner			Sum	
		Klekt i		Eldre		
		1951	1950			
Bygdene i alt	2.2	37.6	28.9	31.3	100	
Østfold	1.9	35.2	32.6	30.3	100	
Akershus	2.2	35.4	30.9	31.5	100	
Hedmark	2.5	31.5	27.4	38.6	100	
Oppland	2.8	29.0	26.3	41.9	100	
Buskerud	2.1	35.6	29.7	32.6	100	
Vestfold	1.9	40.2	32.7	25.2	100	
Telemark	1.7	37.8	27.2	33.3	100	
Aust-Agder	1.7	29.6	32.5	36.2	100	
Vest-Agder	1.9	25.6	24.6	47.9	100	
Rogaland	0.8	57.4	28.7	13.1	100	
Hordaland	2.1	29.8	33.7	34.4	100	
Sogn og Fjordane	2.9	17.1	20.7	59.3	100	
Møre og Romsdal	3.7	24.1	29.3	42.9	100	
Sør-Trøndelag	4.5	27.5	25.3	42.7	100	
Nord-Trøndelag	3.0	36.5	27.4	33.1	100	
Nordland	5.6	20.8	19.0	54.6	100	
Troms	6.2	22.5	26.2	45.1	100	
Finnmark	4.6	28.1	44.8	22.5	100	
Bruk med inntil 10 høns	4.3	12.4	16.6	66.7	100	
» » 11—25 »	3.2	23.6	25.3	47.9	100	
» » 26—50 »	1.9	35.7	30.6	31.8	100	
» » 51—100 »	1.3	47.8	31.5	19.4	100	
» » 101—200 »	0.8	56.1	35.6	7.5	100	
» » 201—500 »	1.6	59.3	30.2	8.9	100	
» » over 500 »	5.7	68.7	25.6	—	100	

lag. I Østfold t. d. har kutalet gått ned med 4.5 pct. ved bruka over 100 dekar, medan det har auka med 2.9 pct. ved dei mindre bruk. I Vestfold, Telemark, Aust-Agder, Rogaland, Møre og Romsdal og Nordland har talet gått sterkest tilbake ved bruka inntil 100 dekar. I dei andre fylka er det ingen nemnande skilnad mellom dei to bruksgrupper.

Talet på kyr har ikkje gått like sterkt tilbake i alle delar av dei einskilde fylke, men i dei fleste fylka er det heller liten skilnad mellom fylkesdelane. I Hedmark er det relativt stor skilnad. Innan det gamle Hedmark futedøme var det 18 pct. færre mjølkekry i 1952 enn i 1949, medan det berre var vel 5 pct. nedgang i Vinger og Odal futedøme. I dei andre futedøma i fylket var det 10—14 pct. nedgang. Det er mindre skilnad mellom futedøma i dei andre fylka på Austlandet.

Sauhaldet har framleis auka. I 1952 var talet på sauver ca. 58 000 større enn i 1949. Det er talet på lam som har auka sterkest. I høve til dei vaksne sauene var det fleire lam i 1952 enn det har vori før.

Talet på geiter har framleis gått tilbake. Siste år var det ein nedgang på ca. 3 400 dyr. Det er mindre nedgang enn det elles har vori i dei seinare år. I dei to fremste geitefylka — Oppland og Sogn og Fjordane — var det litt fleire geiter i 1952 enn i 1951.

Pr. 20. juni 1952 var det om lag 32 000 fleire svin enn året før. Sterkast auke var det for slaktesvin over 4 mndr., men talet på aledyr og smågrisar hadde også auka.

Talet på vaksne høns var ca. 120 000 lægre enn året før. Kjuklingtalet auka med ca. 320 000.

Ved teljinga i 1952 vart det for første gong samla inn oppgåver som gjev opplysning om alderen på dei vaksne hønene. Det var i alt 285 000 høns ved dei bruk som var med i den representative teljinga. For 240 000 har ein spesifikasjon etter alder og kjønn.

Tabellen på side 33 gjev desse oppgåvene som prosenttal for dei einskilde fylke og for hønseflokkar av ymse storleik.

Hanane svarar til 2.2 pct. av alle hønsene. Ved jordbrukssteljinga i 1949 var det 3.7 pct. hanar. Av dei vaksne hønsene i 1952 var altså 97.8 pct. høner. Desse delar seg slik etter alder: 37.6 pct. var klekt i 1951, 28.9 pct. var klekt i 1950 og 31.3 pct. var eldre. Det er heller stor skilnad når ein ser på dei einskilde fylke. Rogaland skil seg sterkt ut. Der var relativt færre hanar (0.8 pct.) enn i dei andre fylka. Der var også relativt færre eldre høner (13.1 pct.), men fleire høner klekt i 1951 (57.4 pct.). Relativt flest eldre høner (59.3 pct.) og færrest unge høner (17.1 pct. klekt i 1951) var det i Sogn og Fjordane.

Husdyrhaldet i 1952 utrekna som relativtal i høve til 1949 og 1951.

	Hestar	Storfe	Mjølkekyr	Sauer	Geiter	Svin	Vaksne høns
a) Relative tal. 1949 = 100.							
Østfold	88.4	97.5	97.8	80.2	159.3	108.8	92.3
Akershus	87.9	93.2	92.4	99.1	53.8	109.5	93.4
Hedmark	87.7	89.3	87.0	116.3	72.3	90.8	84.6
Oppland	86.0	87.9	87.0	121.5	97.1	119.4	81.7
Buskerud	86.8	89.1	87.6	135.9	72.4	84.1	84.6
Vestfold	82.3	95.8	93.2	99.3	-	88.4	89.4
Telemark	87.9	90.5	90.2	120.4	60.2	86.7	82.5
Aust-Agder	91.6	88.4	89.4	110.9	38.9	72.8	72.3
Vest-Agder	94.8	93.2	95.7	118.1	48.3	92.5	84.6
Rogaland	88.3	104.7	99.9	117.7	55.0	135.1	84.7
Hordaland	91.8	92.8	90.0	106.6	85.5	74.2	92.1
Sogn og Fjordane....	86.2	95.1	91.2	110.9	85.4	91.2	72.5
Møre og Romsdal	86.4	98.3	94.2	109.8	99.2	78.5	74.0
Sør-Trøndelag	91.2	98.8	96.6	114.4	49.3	84.5	80.6
Nord-Trøndelag	88.9	97.8	95.6	118.7	57.9	98.4	98.7
Nordland	90.3	91.8	90.6	113.5	65.3	69.2	83.3
Troms	93.0	90.7	94.7	115.3	82.3	73.1	84.3
Finnmark	101.1	93.7	100.9	123.5	47.7	41.8	123.9
Bygdene i alt.....	88.4	94.1	92.5	114.5	78.7	99.9	86.2
b) Relative tal. 1951 = 100.							
Østfold	95.4	95.8	95.4	82.6	159.3	120.0	98.4
Akershus	94.2	94.9	95.4	94.2	94.8	106.0	108.6
Hedmark	95.7	91.5	93.0	105.5	101.5	92.5	97.0
Oppland	93.5	90.3	90.9	105.8	101.4	126.3	96.7
Buskerud	95.8	90.1	90.4	114.7	100.1	98.5	97.4
Vestfold	94.3	91.8	92.4	90.7	-	90.7	95.2
Telemark	100.2	93.3	92.9	106.4	89.6	100.1	92.0
Aust-Agder	96.8	88.9	92.7	107.8	82.0	103.3	90.0
Vest-Agder	100.0	91.6	95.6	98.7	104.9	166.3	86.7
Rogaland	96.1	96.3	96.1	104.2	84.1	126.2	93.9
Hordaland	95.6	95.2	94.7	106.0	98.5	103.4	97.7
Sogn og Fjordane....	91.5	95.6	95.2	101.2	102.2	111.6	86.1
Møre og Romsdal	94.7	96.5	96.3	101.4	98.1	94.2	91.1
Sør-Trøndelag	96.3	95.6	95.7	103.5	88.9	96.9	93.8
Nord-Trøndelag	95.4	96.0	96.5	101.9	89.6	110.2	102.8
Nordland	94.2	91.7	93.8	99.8	96.7	120.9	93.9
Troms	97.3	91.1	93.9	99.1	91.1	105.5	101.4
Finnmark	101.2	92.6	96.5	97.2	53.5	49.6	152.8
Bygdene i alt.....	95.4	93.6	94.3	103.0	97.1	108.4	96.3

Det er tydeleg samanheng mellom alderen på hønene og storleiken på hønseflokkane. Relativt flest hanar er det i dei minste og dei største flokkane. Relativtalet for høner klekt i 1951 aukar etter som hønseflokkane blir større. Ved bruk med inntil 10 høns var det berre 12.4 pct. høner som var klekt i 1951. Prosenten auka til 68.7 for bruk med over 500 dyr. For eldre høner (klekt før 1950) går talrekka den andre vegen. Det var 66.7 pct. høner klekt før 1950 ved bruk med inntil 10 høns, berre 8.9 pct. ved bruk med 201—500 dyr, og ingen i dei aller største flokkane.

Tabell 2 bak i boka syner talet på husdyr pr. 20. juni 1952 i dei einskilde fylke.

Av fylkestabellen side 34 ser ein husdyrhaldet i 1952 utrekna som relativtal i høve til 1949 og 1951.

Frå og med 1936 har Byrået gjennom jordstyra henta inn oppgåver over talet på purker som er para. Heile tida har det vori vanskeleg å få inn desse oppgåvene. Det er berre 2/3 av dei herada der det plar vera alerånar som noko lunde jamt har sendt inn oppgåver.

Tabellen nedanfor viser talet på paringar i *dei einskilde månader i høve til same månad året før* og same månad i 1939 — etter oppgåver fra jordstyra. (For kvar månad har ein berre teki med oppgåver fra herad som ein også hadde oppgåver frå for same månad i samanlikningsåret.)

	Jan.	Feb.	Mars	April	Mai	Juni	Juli	Aug.	Sept.	Okt.	Nov.	Des.
1937.....	105	99	100	97	95	95	93	97	93	80	86	95
1938.....	100	96	102	86	90	99	93	88	91	99	101	89
1939.....	99	108	103	108	103	104	111	114	110	105	105	109
1940.....	95	91	91	61	57	77	64	58	46	51	63	70
1941.....	77	94	94	140	135	97	98	90	92	106	107	119
1942.....	81	50	47	45	57	69	51	46	43	41	60	77
1943.....	124	136	112	125	155	148	200	205	209	227	184	141
1944.....	137	134	153	172	137	131	130	127	131	87	69	82
1945.....	86	83	78	59	53	68	78	80	96	162	163	117
1946.....	106	111	117	167	177	129	110	104	92	85	91	97
1947.....	99	78	73	78	74	75	67	67	76	80	102	109
1948.....	86	110	134	140	136	113	130	161	177	201	166	137
1949.....	148	173	175	139	132	138	140	124	119	99	99	99
1950.....	88	71	63	52	48	57	62	78	85	81	81	87
1951.....	88	92	89	123	137	146	146	124	106	111	101	97
1952.....	101	108	127	110	99	98	93	106	101	97	97	98

I høve til same månad i 1939:

1940.....	95	91	91	61	57	77	64	58	46	51	63	70
1941.....	69	81	81	91	79	75	65	55	45	55	71	85
1942.....	57	42	40	41	47	53	33	25	19	23	44	66
1943.....	71	60	47	51	73	79	70	54	44	53	82	98
1944.....	97	81	71	90	104	108	93	73	58	46	55	81
1945.....	85	66	57	52	57	72	71	57	54	75	90	95
1946.....	87	73	65	89	100	93	80	63	49	67	79	89
1947.....	85	58	47	66	71	67	51	40	36	54	83	98
1948.....	69	63	62	90	94	74	69	62	65	106	135	140
1949.....	108	108	113	125	131	110	99	82	82	103	135	135
1950.....	98	78	72	65	60	64	63	67	67	84	109	118
1951.....	86	73	69	81	80	88	86	78	74	87	106	105
1952.....	88	79	79	88	79	84	80	81	75	86	103	102

Når ein skal døma om desse tala, må ein vera merksam på at det er store sesongsvingingar i talet på paringar. Dette ser ein tydeleg av talrekjkjene nedanfor. Dei syner kor stor del av talet på registrerte paringar — i prosent — som fell på dei einskilde månader.

	Jan.	Feb.	Mars	April	Mai	Juni	Juli	Aug.	Sept.	Okt.	Nov.	Des.	Året
1936	9	7	7	9	11	9	6	5	5	7	12	13	100
1951	10	6	6	8	9	9	5	4	4	7	14	18	100
1952	10	7	7	8	9	9	5	4	4	7	13	17	100

Tala er størst i månadene november—januar. Det er så ein ny, noko mindre, topp i mai—juni. Førrest paringar er det i juli—september. Når ein ser på tala for dei einskilde fylke, finn ein stort sett same rekjkjefylge i månadstala. Rogaland skil seg ut med mykje jamnare tal frå månad til månad.

I januar, februar, mars og desember 1951 var talet på paringar mindre enn i dei same månader i 1950. I dei andre månadene var tala for 1951 større enn månadstala året før. Tala for juni og juli låg 46 pct. høgre i 1951 enn i 1950.

I dei fire første månadene og i august og september 1952 var talet på paringar større enn i dei same månadene i 1951 — i mars 27 pct. større. Jamføringa med månadstala frå 1939 syner at det berre var i november og desember 1952-tala låg over.

Det er ikkje henta inn nye oppgåver over *pelsdyrhaldet* i 1952. I tabellen nedanfor er det nytta avrunda tal frå teljingane i 1939 og 1946. For dei andre åra er det tal som ein har rekna seg fram til.

	Sølvrev	Blårev	Platinarev	Mink
20. juni 1939.....	493 000	29 000	5 000	26 000
» » 1940.....	345 000	29 000	13 000	28 000
» » 1941.....	235 000	35 000	14 000	30 000
» » 1942.....	170 000	26 000	13 000	20 000
» » 1943.....	175 000	28 000	11 000	22 000
» » 1944.....	185 000	34 000	6 000	24 000
» » 1945.....	180 000	50 000	8 000	26 000
1. sept. 1946.....	217 000	107 000	13 000	39 000
20. juni 1947.....	203 000	136 000	15 000	70 000
» » 1948.....	153 000	90 000	12 000	80 000
» » 1949.....	124 000	88 000	10 000	85 000
» » 1950.....	130 000	73 000	6 500	87 000
» » 1951.....	129 000	85 000	4 900	145 000
» » 1952.....	102 000	65 000	3 000	210 000

Fjøskontrollen.

Dei første fjøskontrollaga i Noreg vart skipa i 1898. I 1905 var det 139 lag med 29 600 kyr. Talet på lag låg mellom 100 og 200 framover til 1923. Då var det 204 lag med 3 864 buskapar som til saman hadde 45 000 kyr. Deretter var det jamn auke heilt til krigen kom. I 1929 var det 390 kontrollag med 7 083 buskapar og 75 000 kyr. Dette var 10 pct. av alle mjølkekyrne etter jordbruks-teljinga i 1929. I 1939 var det 802 kontrollag med 16 437 buskapar og 169 000 kyr. Dette var 8 pct. av alle buskapane og 19.5 pct. av alle kyrne. Under siste krigen

gjekk det tilbake med kontrollverksemda. I 1943 var det berre 403 lag med 7 292 buskapar og 82 000 kyr.

Etter krigen har arbeidet teki seg oppatt. I 1948 vart verksemda brigda noko. Fjøskontrollen vart lagt inn under meieria — eller det vart samarbeid med desse. Ein kan no velja mellom to typar av fjøskontroll — aledyrkontroll og bruksdyrkontroll. Dette er gjort for å gjera fjøskontrollen meir ålmenn, også ved dei mindre bruk. Før var det i første rekke relativt store bruk med gode buskapar som var med i kontrollen. Kontrollverksemda var mest vanleg i dei strok av landet der storfehaldet låg lengst framme.

I 1949 var det 874 fjøskontrollag. Desse hadde til saman 23 407 buskapar med 181 000 kyr. Etter jordbrukssteljinga i 1949 svarar buskapane til 11.5 pct. av dei bruka som hadde ku, og kutalet til 23.6 pct. av alle mjølkekryrne. I 1951 var det 1 086 kontrollag med 32 626 buskapar og 231 000 kyr. Talet på kyr svarar til 30.6 pct. av alle mjølkekryrne i landet pr. 20. juni 1951. Dersom ein reknar at talet på buskapar i landet var det same som i 1949 (slike oppgåver har ein berre frå dei to siste fullstendige jordbrukssteljingane) var det 16 pct. av desse som var under kontroll.

I tabell 6 bak i boka finn ein eit oversyn over fjøskontrollen i tida 1905—1951. Der finn ein også oppgåver for dei einskilde fylke i 1951.

I Nord-Trøndelag og Akershus var ca. 45 pct. av kryrne under kontroll, i Hedmark og Oppland vel 40 pct. Over 30 pct. var det ellers i Møre og Romsdal, Vestfold, Østfold, Sør-Trøndelag og Buskerud. Relativt færrast var det i Agder og Nord-Noreg.

Medels mjølkemengd pr. ku under kontroll var 1 982 kg i 1905 og 2 903 kg i 1951. Medels feittprosent var 3.71 i 1920 og 4.06 i 1951. Når ein skal jamføra tala frå dei ymse år, må ein vera merksam på at det frå først av var mest store og gode buskapar som var under kontroll, medan kontrollen har vorti meir ålmenn etter kvart. Dette bør ein også ha for augo når ein skal jamføra resultata frå kontrollaga med dei medeltal ein har for alle mjølkekryrne i landet. Ein må vera klar over at det er berre ein del av kryrne som er under kontroll, og det er framleis dei større buskapar som er sterkest representert i kontrollen. Medeltalet var 7.1 kyr pr. buskap som var med i fjøskontrollen i 1951. Ved jordbrukssteljinga i 1949 var medeltalet 3.8 for alle bruk som hadde kyr.

I samband med den representative jordbrukssteljinga i 1950 vart det henta inn oppgåver over mjølkeproduksjonen i tida 20. juni 1949—20. juni 1950. Etter denne etterrøknaden var medels mjølkemengd pr. ku 2 092 kg. Medeltalet for kontrollaga var 2 932 kg i 1950 — altså 40 pct. større. Skilnaden var størst der det var relativt få kyr med i kontrollaga. I Vest-Agder og Troms, der berre 8—9 pct. av kryrne var under kontroll i 1950, var medeltala for mjølkemengd i kontrollaga 60—70 pct. større enn medeltala for alle kryrne. I Akershus, Hedmark, Oppland og Nord-Trøndelag, der vel 40 pct. av kryrne var under kontroll, var skilnaden i mjølkemengd ca. 30 pct.

Tabellen bak i boka gjev også eit bilet av førsamansetjinga. Ein legg serleg merke til at beiteprosenten har auka. I dei seinare år har kryrne i kontrollaga fått like mykje beite som tørt strafør — rekna i føreiningar. Tabellen gjev også uttrykk for dei uvanlege fôringstilhøva under siste krig. Då vart det nytta sers lite kraftfôr og relativt mykje hjelpefôr. Kraftfôrmengdene har auka etter krigen, men det blir framleis nytta relativt mindre kraftfôr enn før krigen.

Husdyrprodukta.

I samband med den representative teljinga i 1950 vart det henta inn oppgåver over produksjonen av kjøt, flesk, mjølk, egg og ull. I fjerde hefte av Jordbrukssteljinga 1949 er det gjort greie for denne etterørknaden.

Tabellen nedanfor viser utrekna produksjon i bygdene i tida frå og med 1900. Tala gjeld samla produksjon i tonn, utan omsyn til korleis han er nytta.

Av ull var det noko større produksjon i 1951/52 enn i 1950/51. Tala for kjøt, flesk, mjølk og egg syner noko nedgang.

Tabellen øvst på neste side syner produksjonen i 1949/50 i dei einskilde fylke, rekna ut på grunnlag av det materialet ein samla inn i samband med den representative teljinga i 1950.

Det var Hedmark som hadde størst produksjon av storfekjøt, flesk og kumjølk. Rogaland produserte mest saupekjøt, ull og egg. Produksjonen av geitmjølk var størst i Oppland.

Husdyrproduksjonen¹⁾ i tonn. Bygdene i alt.

	Kjøt	Flesk	Kumjølk	Geitmjølk	Egg	Ull (uvaska)
1900.....	36 500	23 500	885 000	25 800	7 138	2 139
1907.....	38 698	31 000	1 038 448	26 930	6 756	2 127
1917.....	44 120	24 000	1 137 040	23 676	9 240	1 981
1927/28	55 275	30 904	1 189 500	28 660	16 925	2 459
1929/30	54 388	32 509	1 222 578	31 165	16 333	2 346
1931/32	58 486	35 725	1 258 076	33 903	18 787	2 589
1933/34	60 338	38 000	1 312 000	33 954	21 751	2 699
1934/35	59 049	45 041	1 301 490	33 218	21 561	2 601
1935/36	60 445	38 000	1 352 000	32 850	21 100	2 660
1936/37	61 032	38 721	1 364 242	32 587	21 311	2 680
1937/38	60 694	41 000	1 372 572	31 619	21 369	2 661
1938/39	62 750	40 000	1 412 698	30 237	21 640	2 721
1939/40	64 226	37 674	1 522 363	32 132	21 007	2 677
1940/41	53 600	30 000	1 360 000	28 000	14 000	2 600
1941/42	45 700	23 500	1 210 000	26 000	9 000	2 540
1942/43	45 450	18 500	1 130 000	24 000	6 000	2 600
1943/44	45 720	14 500	1 080 000	23 000	6 000	2 600
1944/45	47 750	16 500	1 040 000	23 000	6 000	2 750
1945/46	48 810	17 000	1 220 000	23 000	7 500	2 700
1946/47	49 053	26 589	1 333 851	19 870	9 816	2 618
1947/48	46 876	27 021	1 397 672	19 618	14 640	2 717
1948/49	51 287	19 979	1 477 753	19 568	21 175	2 770
1949/50	54 066	42 628	1 609 024	21 120	26 665	3 067
1950/51	56 426	38 696	1 632 000	19 250	25 265	3 225
1951/52	53 120	37 713	1 613 000	18 250	21 890	3 434

¹⁾ Produksjon i året, utan omsyn til bruken.

Husdyrproduksjonen¹⁾ i tonn 1949/50. Bygdene i alt.

	Kjøt				Flesk	Mjølk		Egg	Ull (uvaska)
	Hest	Storfø	Sau	Geit		Ku- mjølk	Geit- mjølk		
Østfold	115	2 533	38	-	3 646	106 932	4	2 315	9
Akershus	96	2 628	116	-	4 912	118 852	36	2 097	27
Hedmark	77	3 651	1 035	54	6 558	174 788	3 151	1 755	231
Oppland	119	3 556	1 104	106	4 963	159 142	4 753	1 332	228
Buskerud	51	1 723	397	14	2 305	81 729	604	1 107	73
Vestfold	29	1 701	43	-	2 420	67 446	11	2 036	10
Telemark	22	1 160	356	11	1 956	57 421	496	1 280	65
Aust-Agder	7	533	207	1	722	27 865	70	862	46
Vest-Agder	11	889	373	1	508	42 961	47	1 080	73
Rogaland	125	2 814	2 318	17	4 516	153 721	629	6 839	492
Hordaland	50	1 848	1 517	63	1 641	90 421	1 595	1 326	355
Sogn og Fjordane	157	2 128	1 379	100	1 391	71 543	2 599	385	307
Møre og Romsdal	85	2 035	1 194	34	1 370	97 011	1 098	895	254
Sør-Trøndelag	124	3 126	1 088	33	2 376	105 138	1 053	984	216
Nord-Trøndelag	80	2 841	844	18	2 495	101 908	1 086	1 445	174
Nordland	47	2 597	1 652	42	570	90 522	1 637	680	298
Troms	24	1 326	975	54	190	51 417	1 944	191	168
Finnmark	5	335	224	10	89	10 207	307	56	41
Bygdene i alt	1 224	37 424	14 860	558	42 628	1 609 024	21 120	26 665	3 067

¹⁾ Produksjon i året, utan omsyn til bruken.

Tabellen nedanfor gjev eit oversyn for meieridrifta i 1939 og åra 1945—1952.

	Inn- vegen mjølke- mengd. Tonn	Produsert i alt i tonn						Netto- vinning i øre pr. kg
		Smør	Mager ost	Feit ost	Kasein og reve- ost	Geit- og fløyte- mysost	Mager mysost og prim	
1939	792 621	17 589	1 926	8 678	2 598	5 965	1 834	18.80
1945	341 892	4 107	747	1 170	310	1 432	505	37.11
1946	567 610	6 393	1 002	3 632	1 243	4 387	634	42.14
1947	647 352	7 949	1 163	4 634	1 483	4 879	1 013	45.75
1948	734 076	8 881	1 538	5 549	2 077	5 125	1 722	46.74
1949	890 569	10 716	1 759	9 486	3 303	8 621	1 419	47.30
1950	991 411	11 532	1 655	12 473	4 056	10 954	447	47.83
1951	1 006 770	11 206	2 176	13 697	4 824	12 884	532	49.71
1952 ¹⁾	1 000 000	10 300	1 400	16 600	4 700	12 300	450	53.00

¹⁾ Førebels oppgåver.

Mjølkemengda til meieria gjekk sterkt tilbake under krigen, og var læggest i 1944 og 1945 med ca. 340 mill. kg. Det var så auke år for år, til vel 1 milliard kg i 1951. Tala for 1952 syner 0.7 pct. nedgang frå året før. For dei ymse meieri-produkt finn ein stort sett same utviklinga. Berre av feit ost var produksjonen større enn i 1951.

Tabellen nedanfor viser innvegen mjølkemengd i tonn for kvar månad, etter månadsrapportane frå meieria.

	Jan.	Feb.	Mars	April	Mai	Juni	Juli	Aug.	Sept.	Okt.	Nov.	Des.
1939...	56 828	55 573	66 944	67 791	79 388	78 521	70 047	63 869	60 828	58 145	53 245	55 554
1945...	16 630	14 605	16 840	21 750	27 589	40 046	38 972	37 269	32 463	33 412	30 829	31 584
1946...	36 185	34 022	38 965	47 962	59 710	60 141	58 478	53 039	48 085	45 277	40 325	39 728
1947...	45 030	39 526	47 684	58 325	69 230	70 271	65 306	57 401	52 493	47 274	43 007	46 380
1948...	47 357	44 569	53 816	69 289	79 563	81 709	71 413	64 275	57 145	51 522	49 847	53 252
1949...	57 232	56 310	69 726	81 259	95 681	95 055	82 939	78 179	69 433	63 435	60 376	65 463
1950...	70 888	69 027	85 259	91 597	106125	106628	95 188	86 924	76 746	65 136	60 186	63 750
1951...	71 868	70 387	82 427	97 246	105059	109401	103238	89 381	74 421	68 539	60 208	63 558
1952...	69 508	68 338	80 695	91 047	107794	109476	99 265	84 898	76 828	66 473	62 516	71 729

Tala er korrigerte og difor fell dei ikkje heilt saman med dei månadsrapportar som blir sendt ut etter kvart.

I dei tre første månadene av året var mjølkemengda 2—3 pct. mindre enn i dei same månader i 1951. April-talet for 1952 var 6 pct. mindre enn året før. Talet for mai var 3 pct. høgre i 1952 enn i 1951. For juni var det ingen nemnande skilnad på dei to åra. I juli og august låg mjølkemengda i 1952 4—5 pct. under 1951. For september var det 3 pct. auke og i oktober 3 pct. nedgang. For dei to siste månadene i 1952 var det etter auke i høve til året før. November låg 4 pct. og desember 13 pct. over dei same månadene i 1951. Den innvegne mjølkemengda for heile året 1952 var 40 pct. større enn medeltalet for dei tre åra 1937—1939. I dei tre første og dei tre siste månadene av året låg mjølkemengda ca. 35 pct. høgre, i juni og juli ca. 60 pct. høgre.

Ein må ikkje rekna med at brigda i innvegen mjølkemengd skriv seg frå tilsvarande brigde i den totale mjølkproduksjonen. Serleg gjeld dette når ein samanliknar med åra før krigen. Talet på leverandørar har auka sterkt. Mykje av det mjølkesalet som før gjekk beinveges frå produsent til konsument går no gjennom meieria.

Nedgangen i den innvegne mjølkemengda siste året var mest merkande i Hedmark og Oppland. Elles var det nedgang i Akershus, Buskerud, Vestfold, Aust-Agder, Rogaland, dei to fylka i Trøndelag og i Nordland. Relativt sterkest auke var det i Finnmark, Telemark og Hordaland.

I høve til før krigen var det auke i alle fylka. Auken var sterkest i Sogn og Fjordane — 208 pct. større enn i 1938. Over 100 pct. auke var det elles i Finnmark, Hordaland, Sør-Trøndelag og Møre og Romsdal. Auken var etter måten minst i Østfold og Akershus der den innvegne mjølkemengda berre var vel 13 pct. større enn i 1938.

Tabellen på neste side viser produksjonen i tonn av smør og ost ved meieria i dei einskilde månader (etter månadsrapportane).

	Jan.	Feb.	Mars	April	Mai	Juni	Juli	Aug.	Sept.	Okt.	Nov.	Des.
--	------	------	------	-------	-----	------	------	------	-------	------	------	------

S m ø r .

1939.....	1 212	1 175	1 470	1 565	1 794	1 923	1 831	1 431	1 411	1 324	1 220	1 201
1945.....	158	115	123	270	462	762	528	393	369	364	289	265
1946.....	330	323	414	575	718	838	717	606	531	508	415	379
1947.....	451	394	498	833	1 008	1 091	968	704	639	515	436	423
1948.....	490	447	585	876	1 170	1 214	919	762	671	595	578	569
1949.....	708	559	818	1 243	1 595	1 610	1 250	817	699	509	474	446
1950.....	652	607	903	1 148	1 547	1 710	1 444	1 109	941	586	516	392
1951.....	650	604	846	1 208	1 374	1 627	1 605	1 068	813	601	429	346
1952.....	605	526	698	971	1 303	1 623	1 296	881	822	562	493	458

K v i t o s t .

1939.....	805	703	831	965	1 051	1 057	898	767	852	871	712	643
1945.....	25	20	20	64	174	429	330	229	191	169	124	136
1946.....	163	143	187	418	621	719	581	464	430	316	167	174
1947.....	247	174	276	672	766	925	771	545	450	262	172	178
1948.....	288	211	392	744	977	1 107	918	642	550	378	341	386
1949.....	578	477	758	1 233	1 435	1 513	1 229	1 037	824	652	553	659
1950.....	864	753	1 165	1 514	1 735	1 924	1 580	1 371	1 244	778	605	645
1951.....	917	849	1 186	1 674	1 830	2 017	1 981	1 589	1 293	1 106	696	663
1952.....	953	862	1 204	1 709	2 119	2 370	2 213	1 729	1 653	1 127	970	1 065

B r u n o s t .

1939.....	550	564	711	688	799	808	725	607	554	570	500	483
1945.....	19	16	23	67	153	413	400	261	165	152	115	149
1946.....	237	248	308	565	736	696	687	458	324	284	172	192
1947.....	302	279	363	669	845	850	734	513	396	269	169	175
1948.....	251	228	391	790	1 002	1 045	895	628	491	352	319	363
1949.....	539	532	821	1 066	1 300	1 285	1 068	900	677	556	555	663
1950.....	917	897	1 228	1 218	1 362	1 369	983	791	692	598	574	673
1951.....	946	970	1 188	1 433	1 470	1 508	1 428	1 134	901	804	668	749
1952.....	1 035	1 022	1 237	1 333	1 467	1 387	1 365	1 058	763	516	671	876

Tabellen på side 42 viser talet på *kontrollerte slakt* i dei einskilde månader i 1939, 1949, 1951 og 1952.

Ein må vera merksam på at oppgåvane over kontrollerte slakt også gjeld slakt som har gått gjennom nytt ettersyn — altså slakt som er kontrollert ein stad og så sendt vidare til ein annan stad der det er kontrollstasjon. Frå og med juni månad 1951 har ein frå Veterinærdirektoratet fått oppgåver over talet på slakt som er synfare på ny. Etter desse oppgåvane var talet på slakt som i 1952 gjekk gjennom ny synfaring:

Storfe	Hest	Svin	Sau	Geit	Spekalv	Gjøkalv
31 136	782	72 730	92 148	1 733	8 276	1 317

Talet på kontrollerte slakt.

Månad	1939	1949	1951 ⁷⁾	1952	1939	1949	1951 ⁷⁾	1952
S t o r f e .					H e s t .			
Januar	14 286	8 350	16 993	22 462	542	305	437	1 016
Februar	13 304	5 629	13 291	16 912	393	183	357	707
Mars	16 273	7 456	12 362	15 709	353	200	284	558
April	13 651	7 449	15 880	15 342	249	188	364	499
Mai	15 684	8 607	14 167	17 295	346	187	239	315
Juni	16 487	8 710	24 461	13 458	316	196	450	368
Juli	12 770	3 493	7 094	9 151	201	135	258	383
August	15 015	5 955	18 001	15 722	275	209	393	394
September ..	19 558	18 266	27 319	21 123	314	360	596	642
Okttober	23 867	15 863	35 322	28 351	948	2 049	2 128	1 763
November...	20 356	17 314	31 753	22 840	1 181	1 743	2 791	1 828
Desember ...	15 794	19 504	23 053	17 898	661	761	1 291	804
Til saman ..	197 045	126 596	239 696	216 263	5 779	6 516	9 588	9 277
S v i n .					S a u .			
Januar	24 654	2 979	31 455	26 874	11 119	4 221	9 792	15 025
Februar.....	25 153	3 935	27 281	30 994	7 511 ⁴⁾	31 109	4 568	8 013
Mars	32 698 ¹⁾	12 103	25 696	39 359	7 070 ⁵⁾	31 756	2 091	6 506
April	27 116 ²⁾	18 433	26 494	40 435	4 498	1 315	2 100	5 212
Mai	30 508	14 796	24 066	32 003	4 821	1 316	1 480	4 794
Juni	25 607	17 503	23 914	27 698	5 628	991	1 902	2 489
Juli	21 039	12 748	18 173	30 565	18 951	515	9 437	15 440
August	22 379	14 386	18 912	27 165	56 815	31 397	31 648	57 641
September ..	18 625	16 554	19 295	34 118	70 548	51 579	63 532	90 093
Okttober	23 850	20 660	25 743	35 708	102 934	120 888	174 378	177 163
November...	25 745	29 292	26 585	33 247	49 460	70 588	97 543	74 281
Desember ...	42 790	39 384	25 909	45 647	15 465	10 756	15 686	16 651
Til saman ..	320 164 ³⁾	202 773	293 523	403 813	354 820 ⁶⁾	356 431	414 157	473 308
S p e k a l v .					G j ø k a l v .			
Januar	18 570	15 996	18 244	18 678	3 204	261	784	1 468
Februar.....	18 090	16 656	17 590	17 962	3 761	280	895	1 660
Mars	25 012	30 385	25 989	26 678	5 121	448	1 098	1 587
April	25 599	30 911	27 131	30 325	4 967	562	1 497	2 023
Mai	17 257	17 379	14 366	18 366	6 708	584	1 791	2 352
Juni	14 560	11 195	12 873	9 826	6 329	621	2 412	2 034
Juli	11 037	7 376	8 222	7 735	4 205	366	1 294	1 409
August	10 731	5 797	6 086	5 482	4 132	384	1 427	1 513
September ..	12 034	7 914	7 466	6 691	4 523	1 689	2 783	1 853
Okttober	17 234	13 407	13 595	13 867	5 034	1 951	3 054	2 416
November...	17 825	13 269	14 326	13 663	3 705	749	1 616	1 085
Desember ...	17 715	9 849	10 009	10 971	3 802	438	1 017	1 049
Til saman ..	205 664	180 134	175 897	180 244	55 491	8 333	19 668	20 449

¹⁾ Av dette var 1 979 ført inn fra Finnland. ²⁾ Av dette var 2 991 ført inn fra Finnland og 193 fra Danmark. ³⁾ Av dette fall 5 163 på innførsel. ⁴⁾ Av dette var 29 403 ført inn fra Argentina. ⁵⁾ Av dette var 30 371 ført inn fra Argentina. ⁶⁾ Av dette fall 59 774 på innførsel. ⁷⁾ I juni 1951 vart det ført inn fra Danmark 1 127 storfe, 157 svin, 51 sauer, 9 spekalvar og 105 gjøkalvar.

Tabellen nedanfor syner kor stor del i prosent av dei kontrollerte slakta som har gått gjennom ny synfaring.

	Storfe	Hest	Svin	Sau	Geit	Spekalv	Gjøkalv
1951.							
Juni	14.2	2.4	7.3	8.6	1.0	1.4	4.7
Juli	12.4	1.9	18.7	27.2	8.8	2.3	11.0
August	13.5	1.3	17.6	22.6	1.8	—	3.9
September	10.3	3.0	18.9	27.3	1.5	0.4	6.2
Oktober	10.7	6.5	20.0	16.3	2.9	1.2	7.6
November	10.3	14.1	13.8	14.8	5.0	1.4	3.8
Desember	11.0	14.4	11.9	15.4	10.6	0.9	0.9
1952.							
Januar	9.6	8.5	19.6	16.2	6.4	3.8	3.0
Februar	14.3	9.1	20.3	9.0	9.1	4.7	5.9
Mars	14.0	8.2	16.8	42.8	10.6	7.3	4.7
April	13.8	10.8	11.7	38.0	11.7	6.0	9.7
Mai	17.6	8.6	14.1	44.1	16.5	7.5	6.3
Juni	19.2	13.3	13.1	35.5	9.2	3.9	8.6
Juli	18.3	13.8	17.6	36.9	10.2	1.7	4.9
August	16.3	11.4	16.6	30.5	3.4	2.9	7.5
September	16.9	3.7	21.5	22.9	1.9	2.0	8.7
Oktober	13.9	5.8	22.4	11.4	2.1	2.5	6.7
November	11.8	7.9	20.4	18.9	13.3	2.2	4.6
Desember	12.3	10.8	21.1	18.9	14.2	1.1	2.5
Året 1952	14.4	8.4	18.0	19.5	8.6	4.6	6.4

Ein ser at det er stor skilnad på tala for dei ymse dyreslag. Av tala for året 1952 ser ein at for saueslakta gjeld 19.5 pct. og for svineslakta 18.0 pct. ny synfaring. For spekalv var det berre 4.6 pct. Det er også store variasjonar frå månad til månad. For storfe, der variasjonane er minst, ymsar månadstala mellom 9.6 pct. i januar og 19.2 pct. i juni. For sau varierer det mellom 9.0 pct. i februar og 44.1 pct. i mai. Ein har enno ikkje samanlikningstal for fleire heile år, men månadstala for 1951 og 1952 syner at det nok er heller stor skilnad også frå år til år.

Fylgjande tabell syner overslag over talet på skinn som vart produsert i pelsdyrgardane.

	Sølvrev	Blårev	Platinarev	Mink
1939/40	370 000	21 000	2 000	16 000
1940/41	250 000	19 000	10 000	17 000
1941/42	160 000	27 000	12 000	22 000
1942/43	85 000	17 000	11 000	11 000
1943/44	85 000	17 000	9 000	12 000
1944/45	100 000	18 000	4 000	13 000
1945/46	100 000	23 000	4 000	14 000
1946/47	140 000	70 000	7 000	19 000
1947/48	147 000	116 000	11 000	43 000
1948/49	107 000	70 000	9 000	55 000
1949/50	80 000	71 000	7 500	58 000
1950/51	70 000	56 000	4 500	55 000
1951/52	88 000	72 000	4 900	85 000
1952/53	77 000	58 000	2 350	127 000

Arbeidsstyrken i jordbruket.

På grunnlag av oppgåvene til jordbrukssteljingane i 1929, 1939 og 1949 vart samla arbeidsstyrke (i årsverk) i jordbruket rekna ut. Sjå fjerde hefte frå Jordbrukssteljinga 1949 (N.O.S. X 103).

I samband med den representative jordbrukssteljinga i 1952 vart det henta inn nye oppgåver over arbeidsstyrken — på same måte som ved teljinga i 1949. Det vart spurt om brukaren hadde bruket som einaste yrke, hovudyrke eller attåtyrke. Brukaren skulle gje opp kor mange dagar han hadde vori i arbeid utanom bruket — dersom bruket ikkje var einaste yrke. Arbeidshjelpa skulle ein gje opp som talet på personar, for dei som var i fast arbeid på bruket. For meir tilfelleleg arbeidshjelp — personar som berre stundimellom eller for kortare tid har vori med i arbeidet — skulle oppgåvene gjelda dagsverk. Ein fekk ser-skilde oppgåver for sumarhalvåret 1951 og for vinterhalvåret 1951/52 og det vart skilt mellom familiemedlemer (born og skyldfolk) og framand arbeidshjelp. Oppgåvene skulle gjelda alle arbeidarar over 15 år ved jordbruk, hagebruk og husdyrhald, også husarbeid og arbeid med ved og anna skogsvyrke til bruket. Arbeid med hogst og framdrift av skogsvyrke til sal skulle ein ikkje ta med, heller ikkje arbeidshjelp til yrke utanom gardsdrifta.

På grunnlag av oppgåvene frå dei vel 22 600 brukar som var med i den representative jordbrukssteljinga har ein rekna seg fram til totaltal som gjeld alle bruk med over 5 dekar jordbruksareal. Det er då teki omsyn til talet på bruk ved teljinga i 1952, jamført med talet på alle bruk over 5 dekar ved teljinga i 1949 — i dei ymse distrikt og storleiksklassar.

M e n n.

Tabellen nedanfor syner talet på brukarar prosentvis delt på yrkesgrupper — etter i kor stor mon brukaren har anna yrke ved sida av bruket.

	Bruket var:		
	Eineyrke	Hovud-yrke	Attåtyrke
5.1— 20 dekar	12.5	16.4	71.1
20.1—100 "	40.7	35.8	23.5
Over 100 "	80.3	17.6	2.1
I alt 1952.....	35.9	28.2	35.9
" " 1949.....	38.6	26.2	35.2
" " 1939.....	36.2	31.0	32.8

Dei fleste av dei minste brukarar blir drivne som attåtyrke, medan brukarar over 100 dekar oftast er eineyrke. I alt fell om lag 1/3 av brukarar på kvar yrkesgruppe. Det er liten skilnad mellom prosenttala for dei tre åra. Skilnaden er heller ikkje stor når det gjeld arbeidsdagars utanom bruket. Fylgjande tal syner dette.

		Bruket var:	
		Hovud-yrke	Attät-yrke
Dagsverk utanom bruket.	1952.....	76	205
»	»	87	201
»	»	80	185

Tabellen nedanfor viser samla arbeidsstyrke, utrekna som årsverk. Den arbeidskrafa som brukarane sjølve representerar er omrekna til årsverk på grunnlag av dagetalet for arbeid utanom bruket. Der bruket er einaste yrke reknar ein fullt årsverk på brukaren. Der bruket er hovudyrke er det rekna med 30 pct. reduksjon ved omrekning til årsverk, og 70 pct. reduksjon der det er attåtyrke. For arbeidshjelpa er det rekna med eit halvt årsverk for kvar person som var i fast arbeid i summar- eller vinterhalvåret. For tilfelleleg hjelp er 280 dagsverk rekna som eitt årsverk. Tabellen syner samla arbeidsstyrke i 1951/52 jamført med oppgåvene frå dei fullstendige teljingane i 1949 og 1939.

	Utrekna årsverk			Brigde i årsverk		
	1951/52	1948/49	1938/39	1948/49— 1951/52	1938/39— 1948/49	1938/39— 1951/52
Brukarane sitt arbeid	131 600	133 000	131 200	÷ 1 400	+ 1 800	+ 400
Arbeidshjelp:						
Familiemedlemer.....	55 000	67 700	91 100	÷ 12 700	÷ 23 400	÷ 36 100
Framand hjelp	26 600	36 300	54 000	÷ 9 700	÷ 17 700	÷ 27 400
Årsverk i alt	213 200	237 000	276 300	÷ 23 800	÷ 39 300	÷ 63 100
Av arbeidshjelp:						
Fast hjelp	64 100	84 200	120 700	÷ 20 100	÷ 36 500	÷ 56 600
Tilfelleleg hjelp	17 500	19 800	24 400	÷ 2 300	÷ 4 600	÷ 6 900

For den mannlege arbeidsstyrken synte teljinga i 1949 ein nedgang på om lag 39 000 årsverk i høve til 1939. Truleg fall det meste av nedgangen på siste delen av denne perioden. Oppgåvene frå 1952 syner om lag 24 000 færre årsverk enn i 1949. I tida 1939—1952 har det altså vori ein reduksjon på ca. 63 000 årsverk eller 22.8 pct. av årsverka i 1938/39.

Det er ikkje store brigde når ein ser på arbeidsyttinga til brukarane — rekna i årsverk. Nedgangen fell på arbeidshjelpa. Familiehjelpa veg tyngst, med ein nedgang på 36 000 årsverk frå 1939 til 1952 (23 400 årsverk 1939—1949 og 12 700 årsverk 1949—1952). Legehjelpa gjekk ned med 27 000 årsverk innan same tidsbolken. Rekna i prosent er nedgangen sterkest for legehjelpa, både i tida 1939—1949 og 1949—1952. Frå 1939 til 1952 vart legehjelpa redusert med vel 50 pct. og familiehjelpa med ca. 40 pct. Tabellen øvst på neste side syner arbeidsstyrken i relative tal.

Arbeidsstyrken i relative tal. Menn.

	1948/49 = 100		1938/39 = 100		
	1951/52	1948/49	1951/52	1948/49	1938/39
Brukars	99.0	100.0	100.3	101.4	100.0
Familiehjelp	81.2	100.0	60.4	74.3	100.0
Leigd hjelp	73.3	100.0	49.3	67.2	100.0
I alt.....	90.0	100.0	77.2	85.8	100.0
Av dette:					
Fast hjelp	76.1	100.0	53.1	69.7	100.0
Tilfelleleg hjelp	88.3	100.0	71.8	81.3	100.0

Utviklinga har ført med seg at den parten (i prosent) av den samla arbeidskrafta som fell på brukarane, har auka frå mindre enn 50 pct. i 1938/39 til over 60 pct. i 1951/52. I 1938/39 fall 1/3 av alle årsverka på dei andre familiemedlemene, i 1951/52 representerte dei 1/4 av årsverka. 1/5 av årsverka fall på leige-hjelpa i 1938/39, men berre 1/8 i 1951/52. Sjå elles tabellen nedanfor.

Arbeidsstyrken i relative tal. Menn.

	Årsverk i alt = 100		
	1951/52	1948/49	1938/39
Brukars	61.7	56.1	47.5
Familiehjelp	25.8	28.6	33.0
Leigd hjelp	12.5	15.3	19.5
I alt..	100.0	100.0	100.0
Av dette:			
Fast hjelp	30.1	35.5	43.7
Tilfelleleg hjelp	8.2	8.4	8.8

Storparten av arbeidshjelpa rekna i årsverk er fast hjelp. Nedgangen har vori sterkeare for denne enn for den tilfellelege hjelpa. Den faste hjelpa representerer ca. 47 pct. færre årsverk i 1951/52 enn i 1938/39, medan den tilfellelege arbeidshjelpa hadde gått tilbake med ca. 28 pct. I 1951/52 fall 30.1 pct. av samla mannleg arbeidsstyrke (brukarane medrekna) på fast arbeidshjelp. Berre 8.2 pct. var tilfelleleg hjelp. Sume stader, serleg der det har vori sterkest nedgang i den faste hjelpa, har den tilfellelege hjelpa auka litt.

Tabellen nedanfor syner arbeidsstyrken, utrekna som årsverk pr. bruk, i dei ymse landsluter og storleiksklassar.

	Arbeidsstyrken pr. bruk							
	Årsverk			Relative tal				
	1951/52	1948/49	1938/39	1948/49 = 100	1951/52	1948/49	1951/52	1948/49
Austlandet med Telemark	1.09	1.24	1.41	88	100	77	88	100
Agder	0.80	0.88	0.98	91	100	82	90	100
Vestlandet ..	1.02	1.12	1.29	91	100	79	87	100
Trøndelag ...	1.18	1.30	1.45	91	100	81	90	100
Nord-Noreg .	0.76	0.83	1.07	91	100	71	78	100
Riket	1.00	1.11	1.29	90	100	77	86	100
Ved bruk med:								
5.1– 20 dekar	0.53	0.60	0.69	88	100	76	86	100
20.1–100 »	1.06	1.16	1.31	91	100	81	89	100
Over 100 »	2.21	2.53	2.78	87	100	80	91	100

Arbeidsstyrken rekna pr. bruk aukar sterkt med bruksstorleiken. Dette har sterke verknad på tala for dei einskilde landsluter. Det er serleg leigehjelpa som aukar med aukande bruksstorleik. Samhøvet mellom årsverk som fell på brukar, familiehjelp og leigehjelp, skifter då også mykje etter som bruksstorleiken skifter. (Sjå side 80 i fjerde hefte frå jordbrukssteljinga i 1949.)

Relativtala i tabellen ovanfor syner at nedgangen i samla arbeidsstyrke pr. bruk i tida 1949–1952 har vori om lag like sterkt (ca. 10 pct.) i dei ymse landsluter og storleiksklassar. At nedgangen i arbeidsstyrken er så ålmenn, tyder på at det er ulike årsaker og verknader som gjer seg gjeldande for dei ymse distrikt og bruksklassar. Auka bruk av maskinar kan i nokon mon vega opp skorten på folkehjelp, men det er ikkje dei same vilkår for maskinbruk alle stader. Sume stader kan skort på arbeidskraft føra til at drifta må leggjast om. Det kan også føra til lengre arbeidssdag for brukaren og huslyden hans. Dette er slikt som oppgåvane over arbeidsstyrken ikkje fortel noko om.

K v i n n e r .

For kvinnene gjeld oppgåvane over arbeidsstyrken ikkje berre gardsdrifta, men også husarbeid. Det let seg ikkje gjera å setja noko klårt skilje her.

Ved omrekning til årsverk har ein rekna med fullt årsverk for kona på bruket. Sameleis for kvinnelege brukarar. Arbeidshjelpa har ein rekna om til årsverk på same måten som for menn.

Tabellen nedanfor syner samla kvinneleg arbeidsstyrke i 1951/52, jamført med oppgåvene frå 1949 og 1939.

	Utrekna årsverk			Brigde i årsverk		
	1951/52	1948/49	1938/39	1948/49 1951/52	1938/39 1948/49	1938/39 1951/52
Ektemakar og kvinnelege brukarar	179 100	177 600	174 300	+ 1 500	+ 3 300	+ 4 800
Arbeidshjelp:						
Familiemedlemer.....	62 900	75 800	92 700	÷ 12 900	÷ 16 900	÷ 29 800
Framand hjelp	16 800	23 600	46 000	÷ 6 800	÷ 22 400	÷ 29 200
Årsverk i alt	258 800	277 000	313 000	÷ 18 200	÷ 36 000	÷ 54 200
Av arbeidshjelpa:						
Fast hjelp	69 100	88 600	127 200	÷ 19 500	÷ 38 600	÷ 58 100
Tilfelleleg hjelp	10 600	10 800	11 500	÷ 200	÷ 700	÷ 900

Utrekninga i 1949 synte om lag 36 000 færre årsverk enn i 1939, og i 1952 var det ca. 18 000 færre enn i 1949. I begge desse bokane var nedgangen noko mindre enn for menn, både i årsverk og i prosent. Det var vel 54 000 færre årsverk i 1951/52 enn i 1938/39. Dette er ein nedgang på 17 pct.

For ektemakar og kvinnelege brukarar har talet på årsverk auka litt, av di det er fleire gifte mannlege brukarar. Heile nedgangen i arbeidsstyrken fell såleis på arbeidshjelpa.

Både familiehjelpa og leiehjelpa representerte bortimot 30 000 færre årsverk i 1952 enn i 1939. Dette svarar til ein nedgang på 63 pct. for leiehjelpa (litt meir enn for mannleg leiehjelp) og ein nedgang på 32 pct. for familiehjelpa (litt mindre enn for mannleg familiehjelp).

Tilfelleleg hjelp rekna som årsverk spelar enno mindre rolle innan den kvinnelege arbeidsstyrken enn innan den mannlege. Det er ikkje nemnande nedgang i denne hjelpa. Den faste hjelpa syner ein nedgang på ca. 45 pct. når ein jamfører årsverka for 1951/52 med 1938/39.

Samla arbeidsstyrke i jordbruksstørket, menn og kvinner under eitt, var ca. 75 000 årsverk lågre ved teljinga i 1949 enn ved teljinga i 1939. Tala frå den representative teljinga i 1952 syner ca. 42 000 årsverk mindre enn i 1949. Folketeljingane syner utviklinga på eit noko anna grunnlag enn jordbrukssteljingane gjer. For fireårs-perioden desember 1946—desember 1950 viser desse teljingane at talet på personar over 15 år, som har sitt einaste yrke eller hovudyrke i jordbruk og hagebruk, har minka med ca. 60 000. Heimeverande døtrer og inngjenter o. l. hjå gardbrukarane er då rekna med.

Lönene i jordbruksstørket 1952/53.

Kvart år, frå og med driftsåret 1915/16, blir det henta inn oppgåver over lønene i jordbruksstørket. Dei første åra var det Selskapet for Norges Vel som henta inn oppgåvene. Frå og med 1923/24 er det Byrået som har denne statistikken. Dei oppgåvene ein hadde tidlegare var 5-årlege.

Oppgåvene blir henta inn ved hjelp av spørjeskjema som kvart år i januar blir sendt til fire gardbrukarar i kvart herad. Ordførarane har peika ut oppgåvegjevarane. For driftsåret 1952/53 har det komi inn 1 304 oppgåver.

Oppgåvene skal gjelda den arbeidsløn som ålment blir betalt i heradet. Det er altså ikkje individuelle lønsoppgåver.

Ein spør etter lønene serskilt for menn og kvinner, for sumarhalvåret og vinterhalvåret, både for meir faste arbeidarar (tenrarar og fjøsrøktarar) og for dagarbeidarar. Under dagarbeid er det skilt mellom dei ulike onnearbeid, grøfting, gråsteinsmuring og tømmermannsarbeid.

For dagarbeid spør ein etter løna både på arbeidsgjевaren sin kost og på eigen kost.

For skogsarbeid spør ein etter dagløn for vanleg skogsarbeid og for køyring, og elles etter prisen for hogging av tømmer, famneved og reisved.

På grunnlag av dei oppgåvene som kjem inn, rekner ein ut lønene som medeltal for fylka og for heile landet. Både fylkes- og rikstala er uvegne medeltal av tala frå dei herad som har gjevi oppgåve.

Dei oppgåvene ein har fått på denne måten, dekkjer sjølvsagt over store variasjonar. Dette gjeld både dei oppgåvene ein får inn og dei medeltal ein reknar ut på grunnlag av disse. Ein meiner likevel at oppgåvene skulle vera fullt brukande til å syna utviklinga når det gjeld lønnsnivået. Tala gjev ikkje noko uttrykk for spreininga på lønnsgrupper, t. d. etter alder. Desse spørsmåla har ein freista å gje svar på ved hjelp av individuelle lønsoppgåver som vart henta inn i samband med dei representative jordbrukssteljingane i 1951 og 1952. (Sjå side 52.)

Som medeltal for heile landet var lønene i kroner:

	Årsløn (til dette kjem kost og losji)		Dagløn på eigen kost i sumarhalvåret						Dagløn for skogsarb. i vinter- halvåret		Medels dagsforte- neste for skogskøy- ring (mann og hest)	
	Te- nest- gutar	Te- nest- gjenter	I våronna		I slattonna		I skuronna		På arbgj. kost	På eigen kost		
			Menn	Kvin- ner	Menn	Kvin- ner	Menn	Kvin- ner				
1938/39..	576	382	5.23	3.46	5.68	3.65	5.35	3.59	3.79	5.41	8.84	
1939/40..	624	411	5.55	3.68	6.05	3.89	5.65	3.82	4.13	5.87	9.65	
1945/46..	1 580	974	12.12	8.00	12.84	8.40	12.30	8.25	10.04	13.18	*21.99	
1946/47..	1 981	1 170	14.34	9.42	15.06	9.79	14.27	9.55	11.92	15.63	24.69	
1947/48..	2 312	1 347	16.06	10.56	17.08	11.02	16.16	10.75	13.87	17.60	27.76	
1948/49..	2 599	1 535	17.44	11.49	18.44	12.01	17.53	11.72	14.90	19.10	29.44	
1949/50..	2 783	1 678	18.27	12.32	19.25	12.80	18.44	12.52	15.59	19.63	29.88	
1950/51..	2 994	1 829	19.62	13.26	20.59	13.77	19.64	13.42	16.97	21.39	31.10	
1951/52..	3 347	2 041	21.94	14.91	22.98	15.53	22.14	15.29	19.97	24.80	36.99	
1952/53 ..	3 679	2 251	24.11	16.28	25.11	16.85	24.34	16.50	21.58	26.66	38.90	

Tabell 8 og 9 bak i boka viser medellønene for bygdene i 1952/53 jamført med 1951/52 og medeltala fylkesvis i 1952/53 for alle dei grupper av lønsmot-takarar som ein har oppgåver for. I tabell 10 er tala jamført med oppgåvene frå 1951/52 og 1938/39.

Medels årsløn for tenestgutar var kr. 3 679 i 1952/53. I 1951/52 var løna kr. 3 347 og i 1938/39 kr. 576. For fylka på Austlandet og i Rogaland låg medelløna i 1952/53 mellom kr. 4 000 og 4 400. I dei andre fylka låg løna stort sett mellom 3 000 og 3 900 kroner.

I høve til 1951/52 har årsløna auka med knapt 10 pct. Det ymsar noko for dei einskilde fylka. Serleg stor auke var det i Nord-Trøndelag og Troms. I høve til 1938/39 har årsløna auka med ca. 540 pct. (Sjå tabellen side 50.)

Medels årsløn for tenestgjenter var kr. 2 251 i 1952/53. I 1951/52 var det kr. 2 041 og i 1938/39 kr. 382 i årsløn. Også for tenestgjenter er lønene høgst på Austlandet og i Rogaland, med medeltal på kr. 2 600—2 900. I dei andre

fylka låg lønene på kr. 1 600—2 400 pr. år. Sidan året før har det vori ein auke på vel 10 pct. for heile landet under eitt. Det var serleg stor auke i Nord-Trøndelag. Lønsauken sidan 1938/39 har relativt sett vori litt mindre enn for tenestegutar.

Årsløna for manlege fjøsrøktarar var kr. 4 721 i 1952/53. Året før var det 4 283 og i 1938/39 759 kroner. Dette svarar til ein auke på 10.2 pct. siste året og 522 pct. sidan 1938/39.

For kvinnelege fjøsrøktarar var *årsløna* kr. 2 899 i 1952/53. I 1951/52 var løna kr. 2 576 og i 1938/39 kr. 508. Auken var 12.5 pct. siste året og 471 pct. i høve til 1938/39.

Årsløn for tenarar.

	Menn					Kvinner				
	1952/ 53	1951/ 52	1938/ 39	Brigde i pct. frå		1952/ 53	1951/ 52	1938/ 39	Brigde i pct. frå	
				1951/ 52	1938/ 39				1951/ 52	1938/ 39
Østfold	4 402	3 867	691	+ 13.8	+ 537.0	2 767	2 533	522	+ 9.2	+ 430.1
Akershus.....	4 274	3 868	721	+ 10.5	+ 492.8	2 905	2 529	547	+ 14.9	+ 431.1
Hedmark	4 062	3 783	664	+ 7.4	+ 511.7	2 666	2 277	444	+ 17.1	+ 500.5
Oppland	4 125	3 687	649	+ 11.9	+ 535.6	2 646	2 332	452	+ 13.5	+ 485.4
Buskerud	4 052	3 897	671	+ 4.0	+ 503.9	2 670	2 430	498	+ 9.9	+ 436.1
Vestfold	4 286	3 850	669	+ 11.3	+ 540.7	2 615	2 507	513	+ 4.3	+ 409.7
Telemark	4 097	3 896	647	+ 5.2	+ 533.2	2 631	2 454	442	+ 7.2	+ 495.2
Aust-Agder....	3 891	3 871	678	+ 0.5	+ 473.9	2 393	2 315	441	+ 3.4	+ 442.6
Vest-Agder ...	3 838	3 397	600	+ 13.0	+ 539.7	2 076	1 949	390	+ 6.5	+ 432.3
Rogaland	4 207	3 879	644	+ 8.5	+ 553.3	2 835	2 529	419	+ 12.1	+ 576.6
Hordaland ...	3 349	3 169	521	+ 5.7	+ 542.8	2 272	2 104	354	+ 8.0	+ 541.8
Sogn og Fj... .	3 470	3 249	542	+ 6.8	+ 540.2	2 307	2 187	378	+ 5.5	+ 510.3
Møre og Romsd.	3 155	3 060	440	+ 3.1	+ 617.0	2 076	1 902	308	+ 9.1	+ 574.0
Sør-Trøndelag	3 218	3 080	466	+ 4.5	+ 590.6	1 923	1 862	320	+ 3.3	+ 500.9
Nord-Tr.lag ..	3 690	2 898	534	+ 27.3	+ 591.0	2 210	1 805	345	+ 22.4	+ 540.6
Nordland	3 125	2 829	510	+ 10.5	+ 512.7	1 599	1 551	267	+ 3.1	+ 498.9
Troms	3 166	2 608	532	+ 21.4	+ 495.1	1 564	1 425	261	+ 9.8	+ 499.2
Finnmark	2 877	2 563	492	+ 12.3	+ 484.8	1 794	1 562	295	+ 14.9	+ 508.1
Bygdene i alt.	3 679	3 347	576	+ 9.9	+ 538.7	2 251	2 041	382	+ 10.3	+ 489.3

Dagløn i slåttonna på eigen kost.

Østfold	24.80	23.99	6.10	+ 3.4	+ 306.6	19.78	17.98	4.53	+ 10.0	+ 336.6
Akershus.....	23.46	22.39	5.81	+ 4.8	+ 303.8	17.79	17.50	4.11	+ 1.7	+ 332.8
Hedmark	23.02	21.90	5.32	+ 5.1	+ 332.7	17.57	15.45	3.63	+ 13.7	+ 384.0
Oppland	23.93	21.71	5.10	+ 10.2	+ 369.2	16.63	14.88	3.47	+ 11.8	+ 379.3
Buskerud	26.01	25.11	5.92	+ 3.6	+ 339.4	17.93	17.68	3.97	+ 1.4	+ 351.6
Vestfold	26.74	23.95	6.37	+ 11.6	+ 319.8	18.92	17.30	4.15	+ 9.4	+ 355.9
Telemark	27.27	25.51	6.06	+ 6.9	+ 350.0	16.27	16.79	3.79	÷ 3.1	+ 329.3
Aust-Agder....	24.82	23.30	6.21	+ 6.5	+ 299.7	15.24	13.78	3.63	+ 10.6	+ 319.8
Vest-Agder ...	26.09	24.24	6.80	+ 7.6	+ 283.7	15.21	14.78	4.06	+ 2.9	+ 274.6
Rogaland	25.61	23.83	5.96	+ 7.5	+ 329.7	17.39	17.48	4.04	÷ 0.5	+ 330.4
Hordaland ...	25.11	22.61	5.51	+ 11.1	+ 355.7	16.35	15.99	3.62	+ 2.3	+ 351.7
Sogn og Fj... .	23.51	21.61	4.80	+ 8.8	+ 389.8	15.46	14.47	3.35	+ 6.8	+ 361.5
Møre og Romsd.	24.59	22.03	5.30	+ 11.6	+ 364.0	17.06	14.76	3.53	+ 15.6	+ 383.3
Sør-Trøndelag	25.05	22.81	5.07	+ 9.8	+ 394.1	18.00	16.90	3.56	+ 6.5	+ 405.6
Nord-Tr.lag ..	24.50	21.12	5.09	+ 16.0	+ 381.3	16.47	13.99	3.43	+ 17.7	+ 380.2
Nordland	24.97	22.93	5.54	+ 8.9	+ 350.7	15.56	14.58	3.10	+ 6.8	+ 401.9
Troms	26.57	23.25	5.28	+ 11.4	+ 403.2	18.96	15.38	2.93	+ 23.3	+ 547.1
Finnmark	27.64	24.29	6.20	+ 13.8	+ 345.8	18.15	14.55	3.76	+ 24.7	+ 382.7
Bygdene i alt .	25.11	22.98	5.68	+ 9.3	+ 342.1	16.85	15.53	3.65	+ 8.5	+ 361.6

Oppgåvane over årløna til tenestgutar, tenestgjenter og fjøsrøktarar gjeld kontantløn for folk med kost og losji hjå arbeidsgjevaren. Verdet av kost og losji kjem i tilegg. Ein har ikkje med oppgåver for dei som arbeider på eigen kost. I lønsteljinga (sjå bolken om denne) har ein med oppgåver for desse.

For *dagarbeidarar* får ein oppgåver over løna både på arbeidsgjevaren sin kost og på eigen kost. I 1952 var medels dagløn for menn på arbeidsgjevaren sin kost: våronn kr. 19.66, slåttonn kr. 21.14 og skurdonn kr. 19.88. Dagløna på eigen kost var i same rekkjefylgje: kr. 24.11, 25.11 og 24.34. Dagløna på arbeidsgjevaren sin kost syner ein auke på vel 10 pct. i høve til året før. Dagløna på eigen kost har auka med knapt 10 pct. Fylkestala for dagløn på eigen kost i slåttonna syner 3—12 pct. auke i alle fylke, med unnatak av Nord-Trøndelag der det var 16.0 pct. og Finnmark der det var 13.8 pct. auke.

Medels dagløn for kvinner på arbeidsgjevaren sin kost var i 1952: i våronna kr. 12.80, i slåttonna kr. 13.56 og i skurdonna kr. 13.05. Dagløna på eigen kost var i same rekkjefylgje: kr. 16.28, kr. 16.85 og kr. 16.50. Auken sidan 1951 var 8-10 pct. — relativt størst på arbeidsgjevaren sin kost. Også når det gjeld dagløna var det heller sterk auke nordafjells.

Dagløna for anna gardsarbeid er noko lægre enn i onnene, både for menn og kvinner. Auken fra året før var 9—10 pct. Dagløna for grøfting er vel så stor som for onnearbeid, men det var relativt mindre auke frå året før — 6-8 pct. For handverkarar er løna noko høgre enn for gardsarbeid. På arbeidsgjevaren sin kost var dagløna kr. 23—25 i 1952/53, på eigen kost kr. 27—29. Auken sidan 1951/52 var 8—10 pct.

For *skogsarbeid* på dagløn var medelløna på eigen kost kr. 26.66 i vinterhalvåret 1952/53. Det var 7.5 pct. meir enn året før. Dagløna for skogskøyring (mann og hest) var kr. 38.90 — ein auke på 5.2 pct. Prisane for hogging var vinteren 1952/53 kr. 12.76 pr. m³ borka tømmer og kr. 8.64 pr. m³ uborka tømmer. Dette var — i same rekkjefylgje — 1.6 og 0.7 pct. meir enn vinteren før. Medelprisen for hogging av famneved var kr. 30.51 pr. 60 cm famn. Det var 0.6 pct. meir enn vinteren før. Hogging av reisved kom på kr. 2.56 pr. 1 m reis — ein auke på 4.9 pct.

Ei jamføring med tala frå 1938/39 syner relativt mindre auke når det gjeld oppgåvane for skogsarbeid og daglønt gardsarbeid, enn for årlønnene. I 1952/53 var dagløna på arbeidsgjevaren sin kost vel 5 gonger så stor som i 1938/39, og på eigen kost 4½—5 gonger så stor, både for menn og kvinner. Dagløna for handverkarar var noko meir enn firdobla. Prisane for hogging av famnevæd og tømmer var 5—5½ gonger så høge som i 1938/39.

Verdsetjinga av kost og losji får ein eit uttrykk for ved å samanlikna løn på eigen kost og løn på arbeidsgjevaren sin kost. For dei lønskategoriar som ein har slike oppgåver for ymsar kostdagsverdet frå kr. 4.00 til kr. 5.10 for menn og frå kr. 3.30 til kr. 3.60 for kvinner. Dette er ein auke på 20—30 øre frå året før. Sidan 1938/39 har kostdagsverdet auka mindre enn lønene. I 1952/53 var det 3 gonger så stort som i 1938/39.

Tariffloennene — etter avtale mellom Jordbruks Arbeidsgiverforening og Norsk Skog- og Landarbeiderforbund — vart auka hausten 1950 og våren og hausten 1951, på grunn av auke i levekostnadsindeksen. For arbeidrarar over 16 år, på timeløn, svarar desse tillegga til i alt 56 øre pr. time, på eigen kost. Ei ny tariffavtale tok til å gjelda frå 15. januar 1952. Timeløna gjekk då opp med 20 øre, til kr. 2.56 pr. time for gardsarbeidarar som var over 21 år og hadde minst 4 år praksis. Ved slutten av året var det tingingar om ny avtale. Etter mekling vart det gjort vedtak om ein lønsauke på 4 øre pr. time frå 15. januar 1953.

Tabellen nedanfor syner tariffløna for dei mest vanlege satsane.

	Gardsarbeidar over 21 år med 4 år praksis		Fjøsørktar ved fjøs med 15—19 kyr	Kvinneleg innehj. over 20 år med fri kost og losji
	med månadsløn	med timeløn		
Frå 15. jan. 1950..	Kr. pr. mnd.	Kr. pr. time	Kr. pr. mnd.	Kr. pr. mnd.
» 15. okt. 1950..	337.00	1.80	385.00	140.00
» 15. april 1951..	372.00	1.98	425.00	168.00
» 15. okt. 1951..	406.00	2.15	464.00	199.50
» 15. jan. 1952..	448.00	2.36	510.00	227.50
» 15. jan. 1953..	488.00	2.56	554.00	255.00
	496.00	2.60	563.00	264.00

For gardsarbeidar og fjøsørktar gjeld tala bruttoløn. Dersom arbeidaren har kost og losji på garden, skal dette koma som frådrag i løna. Frå 15. januar 1950 var satsen for kost og losji kr. 3.25 pr. dag, men har seinare auka. Frå 15. januar 1952 er det kr. 4.55 pr. dag.

Frå sumaren 1950 til sumaren 1952 har auken i tariffsatsane vori sterkare enn etter lønnsstatistikken fra Byrået. Tariffimesatsen ligg likevel lägre enn dagløna etter Byrået sin statistikk, rekna etter 8 timer arbeidsdag. Utrekna nettoløn for gardsarbeidrarar på månadsløn låg etter topsatsen i tariffen (over 21 år og med minst 4 år praksis) vel så høgt som Byrået sitt medeltal for tenestegutar.

Lønsteljing pr. 20. juni 1952.

I samband med den representative jordbrukssteljinga i 1952 vart det samla inn oppgåver over løna til den faste leighjhjelpa, på same vis som i 1951.

Utrekningane for 1952 byggjer på lønsoppgåver frå 1 727 bruk. Desse oppgåvene gjeld i alt 2 763 personar (1 739 menn og 1 024 kvinner). Både bruksstalet og talet på personar er noko mindre enn i 1951, men ein kan ikkje utan vidare sjå dette som eit uttrykk for nedgangen i leighjhjelpa. Både i 1951 og 1952 vanta det lønsoppgåver for ein del bruk. Oppgåvene frå sume andre bruk var så dårlege at ein ikkje kunne ta dei med i materialet.

Tabellen nedanfor viser korleis materialet deler seg etter bruksstorleik og distrikt.

Talet på bruk og personar med lønsoppgåver.

Klassar og distrikt	Lønsteljinga 1952					Lønsteljinga 1951		
	Bruk	Absolutte tal			Relative tal		Bruk	
		Menn	Kvinner	I alt	Bruk	Personar i alt		
5.1—20 dek.	108	28	91	119	6.2	4.3	4.9	3.6
20.1—100 »	751	390	518	908	43.5	32.9	44.3	33.2
100.1—200 »	466	437	232	669	27.0	24.2	28.2	25.4
Over 200 »	402	884	183	1 067	23.3	38.6	22.6	37.8
I alt	1 727	1 739	1 024	2 763	100.0	100.0	100.0	100.0
Austlandet ..	935	1 246	508	1 754	54.1	63.5	54.5	63.9
Trøndelag ...	247	208	137	345	14.3	12.5	13.9	12.4
Rogaland ...	141	104	75	179	8.2	6.5	7.2	5.6
Resten av landet	404	181	304	485	23.4	17.5	24.4	18.1

Relativtala syner at det er liten skilnad mellom 1952 og 1951.

Storparten av oppgåvane gjeld gardsarbeidarar og tenestgjenter. Av resten fell det meste på fjøsrøktarar. Det er få oppgåver for gardsstyrarar, arbeidsformenn og hushaldarar. For stallkarar, arbeidrarar i gartneri o. a. er oppgåvane slegne saman under gruppa «andre». Sjå elles tabellen nedanfor.

Talet på lønsmottakarar etter stilling.

	Menn				Kvinner		
	Tal	Pct.			Tal	Pct.	
Gardsstyrarar.....	66	3.8	Hushaldarar		118	11.5	
Arbeidsformenn	67	3.8	Tenestgjenter		591	57.7	
Gardsarbeidarar	1 254	72.1	Budeier		264	25.8	
Fjøsrøktarar.....	257	14.8	Andre (+ utan oppgåve om stilling)		51	5.0	
Andre (+ utan oppgåve om stilling)	95	5.5					
I alt	1 739	100.0			I alt	1 024	100.0

Fylgjande tabell syner talet på lønsmottakarar etter aldersgrupper, prosentvis.

Talet på personar etter alder.

	Menn i alt						Gardsstyrarar og arbeidsform.	Gardsarbeidarar, fjøsrøktarar og andre	
	Riket		Austlandet	Agder	Vestlandet	Trøndelag			
	Tal	Pct.							
Under 16 år	54	3.2	2.6	13.1	5.2	3.4	6.2	—	3.5
16–17 »	139	8.2	6.3	4.3	15.5	11.1	18.8	—	9.0
18–20 »	141	8.4	6.2	—	18.1	11.6	6.2	0.7	9.0
21–39 »	819	48.7	50.5	43.5	44.8	44.9	18.8	70.8	46.8
40–59 »	428	25.4	27.1	30.4	13.8	26.1	50.0	25.4	25.4
60 år og over	102	6.1	7.3	8.7	2.6	2.9	—	3.1	6.3
Sum	1 683	100.0	100.0	100.0	100.0	100.0	100.0	100.0	100.0
Utan aldersoppgåve ...	56	—	—	—	—	—	—	—	—
I alt	1 739	—	—	—	—	—	—	—	—

Så å seja alle gardsstyrarar og arbeidsformenn — 96.2 pct. — var mellom 20 og 60 år. Av hushaldarane var det relativt mange som var eldre. Når det gjeld gardsarbeidarar og fjøsrøktarar, er det mindre skilnad mellom dei ymse aldersgrupper.

Det er elles ikkje så liten skilnad når ein ser på tala for dei einskilde fylke. Sjå tabell 7 bak i boka.

Tabellen på side 54 viser aldersgrupperinga, i prosent, for gardsarbeidarar og tenestgjenter i dei ymse landsluter.

På Vestlandet var det relativt mange gardsarbeidarar under 21 år og få over 40 år. På Austlandet var bortimot halvparten av gardsarbeidarane i alderen 21–39 år. Både på Austlandet og Vestlandet var det etter måten fleire tenestgjenter under 20 år enn i dei andre landslutene.

Landsluter	Gardsarbeidrarar			Tenestgjenter		
	under 21 år	21—39 år	over 40 år	under 20 år	20—39 år	over 40 år
Austlandet	19.8	47.2	33.0	43.7	35.0	21.3
Agder	26.7	20.0	53.3	18.9	21.6	59.5
Vestlandet	44.5	40.0	15.5	42.0	37.5	20.5
Trøndelag	29.1	41.2	29.7	30.1	41.3	28.6
Nord-Noreg	31.2	18.8	50.0	34.1	31.8	34.1
Riket 1952	25.4	44.5	30.1	39.1	35.5	25.4
Riket 1951	26.6	47.7	25.7	34.0	41.0	25.0

I 1952 var det, for heile landet under eitt, relativt færre gardsarbeidrarar i aldersgruppa 21—39 år enn det var i 1951. Relativtalet for gruppa under 21 år var også litt mindre, medan det var fleire i gruppa over 40 år. Også for tenestgjenter var gruppa 20—39 år relativt mindre i 1952 enn i 1951. Her er det aldersgruppa under 20 år som har auka siste året.

Oppgåvene over *arbeidsløna* fekk ein spesifisert for kontantløn og naturalia. Kontantløna skulle ein gje opp i kroner pr. månad, og som utrekna samla kontantløn pr. år. Den delen av løna som lønsmottakaren fekk som naturalia skulle verdsetjast med ein sum for heile året. Desse oppgåvene vart gjevne ser-skilt for dei som hadde kost og losji hjå arbeidsgjevaren og for dei som hadde familiehusvære + eventuelle naturalia, som mjølk, poteter o. a. Samla kontantløn og samla verde av naturalia vart så lagt saman til årløn i alt. Ved å rekna seg fram til samla årløn på denne måten, har ein fått tal som skulle gje grunnlag for å samanlikna lønsnivået for dei einskilde lønsmottakarar. Ein må vera merksam på at den årløna ein har rekna seg fram til gjeld lønsnivået på teljingsdagen, altså sumaren 1952.

Årløna ymsar etter kva arbeid det gjeld og etter alderen på lønsmottakarane. I sume høve har også bruksstorleiken ein viss verknad på løna. Lønsnivået varierar elles etter kva måte mottakaren får løna på (på eigen eller på arbeidsgjevar sin kost). Verdsetjinga av kost og losji ymsar og. Det er dessutan skilnad mellom distrikta, både når det gjeld kontantløn og verdsetjing av naturalia. Materialet syner elles sterke individuelle variasjonar i lønene. Ein gjer merksam på at talet på oppgåver ikkje er serleg stort.

Menn.

Medels årløn i alt, når verdet av naturalia er rekna med, var kr. 5 567. Sjå tabellen nedanfor.

Medels årløn etter stilling og lønsmåte.

Stilling	Alle	På eigen kost	På arbeidsgjevars kost	Av dette kontant-løn
	Årløn i alt	Årløn i alt	Årløn i alt	
Gardsstyrarar	Kr. 6 992	Kr. 7 755	Kr. 6 338	Kr. 4 834
Arbeidsformenn	6 547	6 445	6 580	5 041
Gardsarbeidrarar	5 287	6 060	4 984	3 563
Fjøsrøktarar	6 210	6 781	5 504	4 007
Alle 1952 .	5 567	6 359	5 163	3 723
Alle 1951 .	4 858	5 562	4 503	3 314

Gardsstyrarar hadde høgst løn, om lag kr. 7 000. Dernest kom arbeidsformenn med kr. 6 500 og fjørskrøktarar med kr. 6 200. Medels årløn for gardsarbeidrarar var kr. 5 300. For alle under eitt var løn på eigen kost ca. kr. 1 200 høgre enn på arbeidsgjevars kost (når verdet av naturalia er rekna med). Det er elles ikkje berre lønsmåten som ligg til grunn for denne skilnaden.

For menn i alt med kosten hjå arbeidsgjevaren var kontantløna kr. 3 723. Det svarar til kr. 310 pr. månad.

Tabellen nedanfor syner medels årløn for gardsstyrarar og arbeidsformenn, ved bruk av ymse storleik.

Medels årløn i kroner.

	Bruksstorleik				
	20.1–100 dekar	100.1–200 dekar	200.1–500 dekar	over 500 dekar	I alt
Gardsstyrarar	6 237	6 418	7 884	8 412	6 992
Arbeidsformenn		6 208	6 515	7 467	6 547

Løna aukar med bruksstorleiken. Auken er sterkest for gardsstyrarar.

Av tabellen nedanfor ser ein medels årløn for gardsarbeidrarar i dei ymse aldersklassar. Det er stort sett nytta dei same aldersgrenser som i lønstariffen.

Medels årløn i kroner for gardsarbeidrarar i ymse alder.

Alder (fylte år)	Alle	På eigen kost	På arbeidsgjevars kost	
	Årløn i alt	Årløn i alt	Årløn i alt	Av dette kontant-løn
Under 16 år	4 154	..	4 091	2 630
16–17 år	4 260	4 470	4 240	2 822
18–20 »	4 976	5 613	4 939	3 601
21–39 »	5 712	6 201	5 486	4 036
40–59 »	5 383	6 145	4 866	3 444
60 år og over	4 914	5 999	4 146	2 763
Utan aldersoppgåve	5 392	5 862	5 230	3 820
Alle ..	5 287	6 060	4 984	3 563

Medels årløn aukar med alderen — frå kr. 4 154 for dei som er under 16 år til kr. 5 712 i klassen 21—39 år. Det er så nedgang att for dei høgre aldersklassar. For arbeidrarar på 60 år og meir låg lønsnivået litt lægre enn i aldersklassen 18—20 år. Det er elles skilnad frå fylke til fylke. I nokon mon kan nok variasjonane skriva seg frå at materialet er heller lite, men stort sett kan ein skifta fylka i fire grupper. Dette er gjort i følgjande tabell.

Medels årsløn i kroner for gardsarbeidrarar i ymse distrikt.

	Alle	På eigen kost	På arbeidsgjevars kost	Derav kontant-løn
	Årsløn i alt	Årsløn i alt	Årsløn i alt	
Alle aldersklassar:				
Austlandet	5 530	6 107	5 176	3 696
Trøndelag	4 538	5 603	4 408	3 109
Rogaland	5 489	..	5 477	4 110
Resten av landet	4 675	..	4 598	3 233
21—39 år:				
Austlandet	5 897	6 230	5 662	4 135
Trøndelag	4 923	5 703	4 818	3 556
Rogaland	6 194	..	6 200	4 783
Resten av landet	5 102	..	5 043	3 695

Austlandet og Rogaland hadde om lag same lønnsnivået. Medels årsløn var der ca. 5 500 kroner for alle gardsarbeidarane og ca. 6 000 kroner for arbeidrarar i alderen 21—39 år. I Trøndelag og resten av landet låg lønene ikkje så lite lægre.

For fjøsrøktarar er materialet delt etter talet på mjølkekryr pr. 20. juni 1952.

Medels årsløn for fjøsrøktarar. Kroner.

	Alle	På eigen kost	På arbeidsgjevars kost	Av dette kontant-løn
	Årsløn i alt	Årsløn i alt	Årsløn i alt	
Ved fjøs med:				
Mindre enn 10 kyr	4 872	5 827	4 478	3 022
10-14 "	5 731	6 174	5 427	3 951
15-19 "	6 527	6 913	5 829	4 287
Meir enn 19 "	7 006	7 244	6 310	4 778
Alle ...	6 210	6 781	5 504	4 007

Denne grupperinga — berre etter talet på mjølkekryr — gjev ikkje alltid eit heilt rett bilet. Det har også mykje å seia kor mange andre husdyr det er i buskapen. Tabellen syner likevel at det er stor skilnad på store og små fjøs.

Tabellen nedanfor gjev ei jamføring av tala fra lønsteljinga og utrekna årsløn etter den lønstariff som galdt sumaren 1952.

	Lønsteljing 20. juni 1952	Tarifføn i juni 1952 for folk med månadsløn. Utrekna som årsløn
Gardsarbeidrarar:	Kr.	Kr.
Alder (fylte år)		
16-17 år	4 260	3 804 (utan fast stallteneste)
18-20 "	4 976	5 112 (——)
21-39 "	5 712	{ 5 856 (med 4 år praksis)
40-59 "	5 383	
Fjøsrøktarar ved fjøs med:		
10-14 kyr	5 731	6 108 (+ kr. 200 etter 4 år i tenesta)
15-19 "	6 527	6 648 (——)
Meir enn 19 kyr.....	7 006	7 068 (——)
Minst 2 underordna arbeidrarar..	..	7 428 (——)

Medeltala for lønstelljingga ligg høgre enn tariffsatsane når det gjeld gardsarbeidarar på 16—17 år. For dei høgre aldersklassar ligg tariffen noko over. For klassen 40—59 år ligg medeltala frå teljinga om lag 500 kroner lægre enn toppsatsen etter tariffen. Denne satsen gjeld til arbeidaren er 70 år, dersom det ikkje er klårt at arbeidsevna har vorti mindre. For aldersklassen 21—39 år var medels årløn på eigen kost noko høgre enn tariffsatsen, men løna på arbeidsgjevaren sin kost låg noko lægre enn tariffen. Medeltala for Austlandet og Rogaland låg litt høgre enn tariffsatsen — for dei andre distrikta mykje lægre.

For fjøsrøktarar ved små fjøs låg medeltalet for lønstelljingga lægre enn tariffsatsen, men for røktarar ved større fjøs låg medeltalet om lag jamt med tariffen (utan tillegg etter 4 år i tenesta).

Det er nemnt at løna ymsar etter alder, stilling, distrikt og lønsmåte. Verdsjettinga av naturalia er heller ikkje den same overalt. Ved sida av dette er det individuelle skilnader i løna. Det kan vera personleg dugleik eller andre tilhøve som er årsaka. Teljingsmaterialet gjev ikkje grunnlag for å døma om dette. Dei individuelle skilnader i løna kjem ikkje til syne i medeltala. For lettare å kunne vurdera dei einskildtala som medeltala byggjer på, har ein nedanfor sett opp ein tabell som syner korleis talet (i prosent) på gardsarbeidarar spreier seg på ymse lønsgrupper.

Årløn i alt Kr.	Gardsarbeidarar i alt, etter årløn i alt					Gardsarbeidarar 21—39 år, på arbeids- gjevarens kost, etter kontantløn (til dette kjem kost og losji)					
	Riket	Aust- landet	Tronde- lag	Roga- land	Resten av landet	Kontant- løn Kr.	Riket	Aust- landet	Tronde- lag	Roga- land	Resten av landet
Under 2500....	2.1	1.1	4.2	1.1	5.7	Under 2000	6.0	3.5	16.6	—	8.0
2500—2999....	2.6	1.5	5.4	1.1	6.3	2000—2499	5.2	3.1	5.0	6.3	14.0
3000—3499....	4.2	2.9	9.6	4.6	5.7	2500—2999	1.4	1.4	1.7	—	2.0
3500—3999....	7.1	5.3	15.7	4.6	9.5	3000—3499	8.8	9.9	11.7	3.1	4.0
4000—4499....	8.6	7.7	10.3	6.9	12.7	3500—3999	17.3	15.8	20.0	9.4	26.0
4500—4999....	12.8	9.8	18.7	19.6	18.3	4000—4499	22.5	26.5	21.7	9.4	14.0
5000—5499....	11.6	12.6	9.0	4.6	12.7	4500—4999	27.9	30.5	15.0	34.3	28.0
5500—5999....	15.8	16.3	16.3	25.3	7.6	5000—5499	5.2	3.6	8.3	12.5	4.0
6000—6499....	22.3	26.9	9.0	12.7	16.4	5500—5999	1.6	1.8	—	6.3	—
6500—6999....	6.6	7.9	1.8	9.3	3.2	6000—6499	3.3	3.1	—	15.6	—
7000—7499....	4.0	5.0	—	6.9	1.3	6500 og over	0.8	0.8	—	3.1	—
7500 og over ...	2.3	3.0	—	3.3	0.6						
I alt	100.0	100.0	100.0	100.0	100.0	I alt	100.0	100.0	100.0	100.0	100.0

Når ein ser heile landet under eitt, er det lønsklassen kr. 6 000—6 499 som er den talrikaste. Dernest fylgjer dei som har mellom 5 500 og 6 000 kroner i årløn. Tilsaman kjem ca. 38 pct. av gardsarbeidarane i desse to klassane. Det er også relativt mange som hadde mellom 4 500 og 5 500 kroner i løn — ca. 25 pct. Vel 3/5 av gardsarbeidarane hadde altså ei årløn på mellom 4 500 og 6 500 kroner. Om lag 1/8 hadde kr. 6 500 eller meir og 1/4 hadde under 4 500 kroner pr. år. På Austlandet var klassen 6 000—6 499 kroner den talrikaste — ca. 27 pct. I Rogaland var klassen 5 500—5 999 kroner den største med godt 25 pct. av alle. I Trøndelag var det flest i klassen 4 500—4 999 kroner. Om lag 19 pct. fall på denne klassen. Dernest fylgte klassane 5 500—5 999 og 3 500—3 999 kroner. Ca. 16 pct. av arbeidarane kom i kvar av desse klassane. I resten av landet fall det flest på klassen 4 500—4 999 kroner — vel 18 pct. Så fylgde klassen 6 000—6 499 kroner med vel 16 pct. Relativt flest med årløn på kr. 6 500

eller meir var det i Rogaland, færrast i Trøndelag. Relativt flest med mindre enn kr. 3 000 var det i «resten av landet» og i Trøndelag.

Stort sett kan ein seia at talet på gardsarbeidarar spreier seg heller sterkt på dei ymse lønsklassar — langt sterkare enn for industriarbeidarar.

Tabellen på førre sida syner også korleis talet på gardsarbeidarar i alderen 21—39 år, på arbeidsgjevaren sin kost, spreier seg på lønsklassar etter kontantløna. Ulik verdsetjing av naturalia gjer seg ikkje gjeldande i dette materialet. Skilnad i alder og lønsmåte skulle heller ikkje ha nemnande verknad på oppgåvane innan denne gruppa. Dei tre lønsklassane mellom 3 500 og 5 000 kroner er dei talrikaste. Tilsaman fall 2/3 av arbeidarane på desse tre klassane, når ein ser heile landet under eitt. Vel 21 pct. hadde mindre enn kr. 3 500 i årsløn, men berre 11 pct. hadde kr. 5 000 eller meir. Medels kontantløn var kr. 4 036 i denne aldersgruppa. Når ein skal døma om eit slikt medeltal, bør ein vera merksam på at det skriv seg frå eit utval som berre gjeld 10 pct. av bruken. Den sterke spreininga på lønsklassar og det labile lønsnivået bør ein også ha for augo. I enno sterkare mon gjer dette seg gjeldande når ein skal vurdera skilnaden frå teljing til teljing. Dette bør ein merka seg når ein skal jamføra medeltala frå 1952 og 1951 for mindre grupper av lønsmottakarar.

Fylgjande tal syner lønsauken frå 1951 til 1952 for einskilde grupper.

	Auken i samla årsløn		Auken i kontantløn på arbeidsgjevars kost	
	Kr.	Pct.	Kr.	Pct.
Gardsstyrar og arbeidsformann	875	14.8	—	—
Gardsarbeidar (alle)	717	15.7	377	11.8
Gardsarbeidar (21—39 år)	765	15.5	483	13.6
Fjørsrøktar	700	12.7	382	10.5

Jamt over viser teljinga i 1952 ein sterk lønsauke i høve til 1951. For menn i alt svarar auken til 14.6 pct., rekna som samla årsløn. Auken i løna er noko mindre enn auken i dei tilsvarende tariffsatsar. Spreininga etter lønsklassar i 1951 og 1952 tyder på at lønsauken har vori sterkest for dei som i 1951 var på eit medels lønsnivå, medan det har vori mindre auke, rekna i kroner, både for relativt låge og for serleg høge løner.

Kvinner.

Medels årsløn for kvinner i alt var kr. 3 158 (verdet av naturalia er då rekna med). Det er heller liten skilnad mellom hushaldarar, tenestgjenter og budeier. Like eins som for menn er årsløna høgre på eigen kost enn på arbeidsgjevaren sin kost (verdet av kost og losji medrekna). Det er elles ikkje mange av kvinnene som arbeider på eigen kost. Talet er så lite at ein ikkje finn grunn til å ta med medeltal anna enn for alle under eitt. Når det gjeld tenestgjenter aukar årsløna frå kr. 2 531 for dei som er under 16 år til kr. 3 293 for aldersklassen 20—39 år. Når ein kjem over i høgre aldersgrupper går løna sterkt ned, slik at i gruppa 60 år og meir ligg ho lægre enn for dei som er under 16 år. I den yngste aldersgruppa ligg kontantløna på arbeidsgjevaren sin kost litt høgre enn tilsvarende tariffsatsane mykje over.

Medels årsløn etter stilling, lønsmåte og alder.

Stilling	Alle	På eigen kost	På arbeidsgjekkars kost	
	Årsløn i alt	Årsløn i alt	Årsløn i alt	Av dette kontantløn
Hushaldarar	Kr. 3 311	Kr. ..	Kr. 3 311	Kr. 2 044
Tenestgjenter	2 977	..	2 969	1 802
Budeier	3 353	..	3 131	1 968
Alle 1952	3 158	4 314	3 073	1 891
Alle 1951	2 827	3 687	2 782	1 744
Tenestgjenter:				
Alder (fylte år).				
Under 16 år	2 531	..	2 557	1 453
16—17 år	2 964	..	2 964	1 783
18—19 »	3 147	..	3 137	2 017
20—39 »	3 293	..	3 278	2 070
40—59 »	2 662	..	2 634	1 447
60 år og over	2 209	..	2 200	1 148
Utan aldersoppgåve	2 870	..	2 870	1 766

Tabellen nedanfor viser talet på tenestgjenter (i prosent) spreidd på lønsklassar.

Årsløn i alt. Kr.	Tenestgjenter i alt på arbeidsgjekkars kost, etter årsløn i alt					Tenestgjenter 20—39 år, på arbeids- gjekkars kost, etter kontantløn (til dette kjem kost og losji)					
	Riket	Aust- landet	Tronde- lag	Roga- land	Resten av landet	Kontant- løn Kr.	Riket	Aust- landet	Tronde- lag	Roga- land	Resten av landet
Under 1500....	2.9	1.4	1.5	1.5	5.0	Under 1000	10.2	7.0	26.9	4.0	9.4
1500—1999....	10.1	3.3	19.7	1.5	15.8	1000—1499	15.3	9.9	19.3	8.0	21.6
